Din drømmereise starter på Vigra!

Internasjonale rutefly
- London
- Alicante
- Riga
- København

Charter vinter 2011/2012
- Gran Canaria, 2 avganger hver lørdag
- Sharm el Sheik, søndager

Charter sommer 2012
- Antalya, 4 avg. pr uke
- Bulgaria
- Kreta
- Kroatia
- Mallorca
- Marmaris, Tyrkia (NYHET!)

AVINOR
Ålesund lufthavn Vigra
www.avinor.no

www.regionavisa.no

detur · VING · NAZAR · tyrkiareiser · StarTour · apollo

Gå inn på vår web og finn ditt reisemål!

INFORMASJON

Regionavisa

Det beste i livet er GRATIS!

18. januar 2012

SALG SALG
Fossline kjøkken og bad
Kjøkken og bad i alle prisklasser
www.fossline.no

Dale
DALE VINDU & INTERIØR AS
Ivar Aasengt. 18, 6150 ØRSTA
www.dalevindu.no Tlf. 70 07 44 99 / 70 15 87 70 e-post: info@dalevindu.no

Ambisiøst krafttak

Side 20-22 *Christoffer Endresen*

www.opel.no
Co2 utslipp 119 g/km. Forbruk 4,5 l/100 km. Gjelder utslipp og forbruk blandet kjøring. Euro 5.
Frakt Oslo og lev. omkost. er inkl. Avbildede biler har ekstrautstyr. Importør Opel Norge AS.
* Priseks. 382.800 kr. Startleie kr 60.000,-, 45 000 km, restverdi kr 229.680,-. Min.kostn. kr 101.837,-, totalkostn. kr 166.812,-. Tingl/etabl. kr 5.112,-. Kr 118,- termingebyr. Alle priser inkl. mva. i eks.
I samarbeid med Santander Consumer Bank.

Bil & Gummiservice
www.bilgum.no – 6150 ØRSTA. Telefon: 700 47 800. 08.00–17.00, lør. 09.00–14.00

OPEL Wir leben Autos.

Skilt-makaren

Bjørnar Kern avrunda fjoråret med sin største jobb nokon gong. 600 kvadratmeter med maskering gjekk det med på seismikkskipet Polarcus Amani ved Ulstein verft.
– I areal er det definitivt den største enkeltjobben eg har hatt, fastslår Kern.

– Jobben tok om lag tre veker og det var lange dagar. Logoen og namnet på skipet vart sett saman av 50 større stykke av maskering i papir og pvc. Profileringa går over fire dekk på skipet, både på styrbord og babord side. Det var litt av ein jobb, fortel Bjørnar Kern (63) ved enkeltmannsføretaket Kern Profilering AS i Saunesmarka. Det grandiose puslespelet var det folk ved Ulstein Verft sjølv som monterte og måla.

Sesong

Aktørane som utgjer den maritime klynga på Søre Sunnmøre er store kundar for den vesle bedrifta i Saunesmarka, det er også dei lokale idrettslaga.

– Eg har oppdrag frå heile det lokale næringslivet og har som regel mykje å gjere, men før idrettslaga har sesongstart er det fullt opp med arbeid. No er det tekstiltrykk på drakter, shortsar og overtrekksdressar og stadionskilt det går i. Stormen øydela 100 meter med stadionskilt, det må opp nye, forklarer Kern som har drive bedrifta i Saunesmarka sidan 1999.

– Eg har dreve med dette sidan eg var 16 år og har aldri gjort noko anna, seier han.

TEKST OG FOTO: ROGER OLDEIDE

STOR JOBB: *Det ferdigmåla seismikkskipet Polarcus Amani ved Ulstein Verft etter at 600 kvadratmeter med maskering i pvc er fjerna.*

TEIKNING: *Jobben på seismikkskipet er definitivt den stÆrste enkeltjobben BjÆrnar Kern har hatt.*

Regionavisa
*Det beste i livet er **GRATIS!***

www.regionavisa.no - tips@regionavisa.no - annonser@regionavisa.no

Lay Out/sats: Regionavisa
Trykk: Polaris Trykk Ålesund AS
Opplag: 21.000
Distribusjon: Nordvest Distribusjon

Postadr.: P.b. 424, 6067 Ulsteinvik
Besøksadr.: Stålhaugen 10, Saunes Brygge
Telefon: 70 00 96 60 **Telefax:** 70 00 96 70
Ørsta-kontoret, besøksadresse:
3. etg, Ørsta Torg
Telefon: 70 00 96 60 **Telefax:** 70 04 17 00

Redaktør/Dagleg leiar
Hugo Antonsen
hugo@regionavisa.no
Tlf.: 917 38 587

Salgssjef
Line Urke
line@regionavisa.no
Tlf.: 911 17 530

Produksjonsleiar
Gunlaug Kleppe
annonser@regionavisa.no
Tlf.: 982 44 634

Markedskonsulent
Gunn Homberset
gunn@regionavisa.no
Tlf.: 458 65 620

Deskmedarbeider
Rune Aarhus
rune@regionavisa.no
Tlf.: 7000 9660

Journalist
Roger Oldeide
roger@regionavisa.no
Tlf: 982 44 635

Markedskonsulent
Sol-Gitte Veiseth
sol@regionavisa.no
Tlf.: 7000 9660

Annonsekonsulent
Jan Lennart Urke
jan@regionavisa.no
Tlf.: 922 00 384

Deskmedarbeider
Guttorm Osnes
guttorm@regionavisa.no
Tlf.: 7000 9660

Journalist
Iselin Nevstad Øvrelid
iselin@regionavisa.no
Tlf.: 932 02 485

Markedskonsulent
Kari H. Berge
kari@regionavisa.no
Tlf.: 934 19 538

Kontor og adm.
Hildegunn O. Haugen
hildegunn@regionavisa.no
Tlf.: 982 44 633

© 2012 Nye Regionavisa AS

Gratisavis for: Eid - Hareid - Herøy - Hornindal - Sande - Selje - Stryn - Ulstein - Vanylven - Volda - Vågsøy - Ørsta

TRAVELT: *Nye stadionskilt skal opp på HŒddvoll og BjŒrnar Kern er på saka. Her ved ei av maskinene sine.*

SØRE SUNNMØRE & NORDFJORD i ei avis!
Onsdag 25. januar
går avisa ut i 30.000 eksemplar
Annonefrist er fredag 20.januar!

Regionavisa
Det beste i livet er GRATIS!
www.facebook.com/regionavisa
Tlf. 7000 9660 - Fax 7000 9670 www.regionavisa.no

Følg Regionavisa
på Facebook

ÅPENT
hos Den gode nabo
Restaurant med god mat!
Disco fredag/lørdag
Pizza – Pasta – Saftige biffer
Lunsjmeny
Catering - Take-away
www.regionavisa.no
Velkommen!
Bordbestilling
70 01 62 00
Åpn.tider: 11.00 - 23.00
Fredag/lørdag 11.00 - 02.30

Å vere saman

Det er lett å like nokon - om ein berre har tid saman.

Eg kjenner mange folk med uendeleg mykje meir hundekunnskap enn meg sjølv. Men eg veit i alle fall at grunnen til at Felix trekk skuldra mi ut av ledd på annankvar luftetur, er mitt problem – og ikkje hans. Først når han skjønar at vi har snudd og teke fatt på heimvegen, går han slik ein ansvarsfull og lydig skal gå, ved sidan av eigaren og med relativt slakt band. Og før eg greier å lære han til å gå skikkeleg på veg ut óg, får eg berre leve med at eg ikkje har vore tolmodig nok med gå-fot-treninga.

Men eg er blitt ganske god på å tolke blikket hans. Der mange andre hundar klynkar eller bjeffar når dei vil noko, set Felix røntgenblikket sitt fast midt mellom augene mine og gjer alt han kan for at eg skal forstå bodskapen på telepatisk vis. Det fungerer overraskande bra. Det er nemleg ein distinkt skilnad på do-blikket, tørst-blikket og bajas-blikket. Sistnemnde blikk er ein invitasjon til leikeslossing, og då lyser det grønt i augene hans. Svolten-blikket ligg i botn 24 timar i døgnet. Han er alltid klar for eit herremåltid. Berre eg tenker på kjøleskapet er han der med det supersøte tiggeblikket sitt på under sekundet. Blikket som seier: «Ikkje at det betyr noko, men eg har faktisk ikkje smakt verken vått eller tørt sidan eg vart fødd. Ja, dersom vi ser bort ifrå dei to solide skålene med fôr eg har fått kvar einaste dag i heile mitt liv, sjølvsagt. Bortsett frå det har eg så godt som aldri smakt mat før. Kan ikkje du berre hente fram litt rå indrefilet, då? Det held med eit stykke på eit par, tre kilo. Hvis ikkje ringer eg Amnesty.»

Han skal ha for at han aldri gir opp håpet, håpet om at det er ein milliondels sjanse for at eg plutseleg skulle finne det for godt å legge absolutt all maten vi eig oppi skåla hans. Spørsmålet er om det er noko meir enn at vi gir han fôr to gonger om dagen

f & felix fredrik

FOTO: PER EIDE

som bind Felix til familien vår. Og dersom han hadde hatt ein annan heim – ville han då ha vore lukkelegare der, om han fekk litt meir mat, til dømes? Eller at nokon klødde han litt meir bak øyrene? Er det noko spesielt med akkurat oss? Ja, eg trur det, faktisk. For det er vi som er saman med han mest.

Dattera mi på fem år stilte mormora si eit betimeleg spørsmål i jula: «Kvifor er du glad i meg, mormor?» Mormor tenkte seg om nokre sekund, og styrte nok heilt bevisst forbi det vanlege om at «du er så søt og snill og god». Svaret hennar var like enkelt som det var tankevekkande: «Fordi vi er saman!»

Når ein er saman med nokon, anten det er kolleger, vener eller familie – så er det tida saman som gjer ein i stand til å sjå heile mennesket, og ikkje minst forbi våre eigne fordomar. Det er mange motstridande krefter i oss, men det er dei færraste som består av berre éin dårleg eigenskap. Difor er det altfor enkelt å meine noko om dei ein ikkje kjenner. Dei ein fordømer mest, er som regel dei ein aldri tilbringer tid saman med. Og om ein skulle kome skeivt ut, er det ei fin øving å stille seg sjølv på andre sida og vere offer for andre sine fordomar.

No treng ein jo strengt tatt ikkje å bry seg om kva andre folk måtte meine, og heller støtte seg til det amerikanske munnhellet som seier: «What other people think of me is none of my business». Og slik blir fordomane langt meir skadelege for den som dømer, enn for den som er objektet for det same. Kontrollspørsmålet neste gong ein skulle falle for freistinga og døme nokon nord og ned, må bli: Kjenner eg eigentleg vedkomande godt nok til å kunne vere så fordømande? Den norske psykologen og forfattaren Bente-Marie Ihlen sa ganske treffande i eit tv-program om konfliktløysing for eit par år sidan: – Du skulle berre ha visst kor hyggeleg eg er med dei eg ikkje liker.

Og slik går det til at vi ofte får mest kjeft frå dei vi kjenner aller best. Dei vi er mest glade i. Dei vi faktisk tilbringer mykje tid saman med.

HAREID
næringsforum

Trivelege Hareid!

Velkomen til oss!

Apotek 1 Hareid | Bellis Blomster | Bunnpris | Coop Prix | E-Design | Elsenteret | Floriss Hareid
G. Eilertsen | Hareid Rør og Interiør | Holstad Rørservice | Ishavsmuseet Aarvak | Karmen | Kvalsvik | Mix Hareid | Nordea
Sparebanken Møre | Eurospar Hareid | Sportssenteret | Statoil Service | Strax Bok og Rekvisita | T. Riise
Top Fix | Total – Bygg | Byggern | Trådkråa | Wellness-senteret | Hareid Hotell

Hareid Næringsforum | www.hareidinfo.no

Karmen

6060 Hareid - Tlf.: 70 09 47 30

Ope: Man.-ons.: 10.00-16.30
Tors-fred.: 10.00-18.00
Laurdag: 10.00-15.00

SALG

MERKEVARE-SALGET ER I GONG!

GJER EIT KUPP PÅ KVALITETSVARER!

÷30-70%

Calvin Klein
FRISLID
DIESEL
eterna
GABBA
MELKA
STATE OF ART MENSWEAR
Matinique
PAPFAR
QUIKSILVER
SUNDE
elvine

T·RIISE

TLF: 70 09 22 63 - KJØPMANNSGATA - HAREID



SKIPPER: *Ottar M. Brandal*

‰Polarhav‰. FOTO: ISHAVSMUSEET

Fra selfangst til seismikk

– Jo, vi var nok med på begynnelsen av oljeeventyret.

Ottar M. Brandal (84) fra Hareid var skipper på ”Polarhav”, den første selfangstskuta som i 1970 gjorde seismiske undersøkelser langs Norskekysten. I historien om det norske oljeeventyret, er det mange historier som ennå ikke er fortalt i sin fulle bredde. En av dem er historien om selfangstskuta ”Polarhav” som var med på seismiske undersøkelser av havbunnen i Nordsjøen for over 40 år siden.
– Alt var annerledes den gang, sammenlignet med dagens gigantiske fartøy og avanserte teknologi, forteller Brandal.
”Polarhav” var bygd for fiske og selfangst ved Stord Verft i 1957 for Peter S. Brandal & Co i Brandal. Den drev fiske og fangst stort sett i arktiske strøk, men var også i Antarktisk. Høsten 1970 ville Western Geophysical Company, gjennom meglerfirmaet Grieg i Bergen, ha med ”Polarhav” på seismiske undersøkelser.
”Polarhav” som nå var eid av Martin Karlsens rederi, dro til Rotterdam for ombygging. Lasterommet ble instrumentrom, kabelhus måtte bygges og akterenden måtte tilpasses for å legge ut kabler. Dette var begynnelsen på et syv år langt oppdrag.

Ingen skiftordninger

Det var stort sett 33 mann om bord. 25 kom fra Western Geophysical. I tillegg var det åtte sjømenn, de fleste fra Hareid og Ulsteinvik.
– Vi hadde ingen skiftordning den gang. Vi kunne enkelte ganger spørre om fri, og da ordnet rederiet stedfortreder, men det skjedde ikke så ofte. En gang var jeg ett år sammenhengende om bord, men jeg var heldigere enn mannskapet. Som skipper fikk jeg i blant lov til å ha kona mi Aslaug (Lillemor) på besøk. Det var tungt å være mye borte fra barn og familie, men det var slik det skulle være. Vi hadde en trygg jobb, tjente penger og gjorde vår plikt, forteller Brandal.

> *”Uten kompetanse, utstyr og fartøy fra fiske og selfangst, ville det norske oljeeventyret blitt helt annerledes.*

I 1976 fikk offiserene, dog ikke mannskapet, en avtale om å jobbe i to måneder og ta en måned fri. I dag er det som kjent to eller fire uker på jobb og deretter en måned fri.

Dynamitt

Fram til slutten av 1970-åra brukte man dynamitt i letingen etter olje. På det meste kunne ”Polarhav” ha 40 tonn dynamitt om bord.
”Polarhav” la ut to kabler over hekken. Ett vannrør hvor dynamitten gikk ut og en tre kilometer lang kabel for å registrere hvordan lydbølgene fra dynamitten forplantet seg nedover i jordskorpa, nærmest som et ekkolodd.
En person hadde ansvaret for å slippe ut dynamittbokser på størrelse med en ølboks hvert 30 sekund. Dynamitten eksploderte 30-40 meter bak båten.
– Eksplosjonen merket vi godt i båten. Det ristet hvert halve minutt døgnet rundt. Det ble litt spesielt når vi skulle spise eller sove. Men vi vente oss til det også.

Også på Haltenbanken

”Polarhav” gikk i sakte fart, 4 knop, og skjøt seismikk fra Troms i Nord og nedover langs hele Norskekysten. Den var også mye rundt England og Irland, samt innom både Østersjøen, Portugal og Middelhavet. Fartøyet fungerte godt og de var aldri utsatt for uhell som fartøy. Problemene oppstod når andre fartøy krysset bak og over kablene.
– Vi fikk aldri vite noe om resultatene av de seismiske undersøkelsene våre, men vi skjønte når det var noe interessant under havbunnen. Da måtte vi gå over det samme feltet flere ganger med tettere og tettere ”skudd”. Vi gikk mye på Haltenbanken og vi hadde en anelse om det kunne være noe olje også rett utenfor Møre.
I 1977 kom det større og mer avanserte seismikkfartøy i Nordsjøen og ”Polarhav” ble utkonkurrert. I 1978 dro fartøyet igjen på selfangst før den året etter ble solgt til Karlsen Shipping i Canada. I 1994 ble båten yacht i Texas, USA. ”Polarhav” ble bygd som for fiske og fangst, men taklet også både seismikk og luksus.
Skipper Ottar M. Brandal fortsatte sin maritime karriere om bord på ”Polarqueen”. Han pensjonerte seg i 1991 og er i dag guide på Ishavsmuseet i Brandal.

Kilder: Intervju Ottar M. Brandal, ”Skuter på selfangst”, Johan Ottesen (Fotoarkivet, 2007)

JANUARSALGET HELD FRAM

BLÅ HUSET

ULSTEINVIK
922 41 510

- An Chri
- Apotek 1 Ulstein
- Best Fashion
- Bianco
- Bjørklund
- Coop Mega
- Elkjøp
- Føhnix Frisør
- Glass & Rammesenteret
- Glitter
- IN
- Intersport
- Mester Grønn
- Nille
- Notabene
- Parfymelle
- Ringo
- Røyset sko
- Sunkost
- Sunt & Nam
- Tilbords
- Valaker Bakeri
- Vinmonopolet

10-19
Laurdag:
10-16

Coop Mega
9-21
Laurdag
9-20

Apotek 1 Ulstein
9-17
Laurdag
10-15

Vinmonopolet
10-16.30
Fredag
10-18
Laurdag
10-14

Siste ord



Før jul døydde den amerikanske journalisten Andy Rooney; også kjend for oss i Noreg som mannen som alltid fekk siste ord i det førebiletlege opplysningsprogrammet 60 Minutes. I heile 33 år sat han bak dette arkaiske skrivebordet og doserte for sjåaren si undring over verda vi lever i, og måten vi menneske innrettar oss på.

Han etterlot seg kvar gong ei sterk og urokkeleg kjensle av å ikkje høyre heime, der han sat, Andy Rooney, og 1as opp frå etikettar på sjampoflasker eller desperat forsøkte å følgje bruksanvisningar for kva det skulle vere. Så slo også sonen hans fast i bisetjinga at "han trudde ikkje at døden ville passe for han". Sågar trudde han ikkje at døden skulle gjelde for han. Og verka det ikkje litt slik på også oss som norske sjåarar, sjølv om vi måtte ty til obskure sendetidspunkt på TV2 for å sjå han, at det var noko, om ikkje udødeleg, så i alle fall uflytteleg ved han. Han var ein å rekne med, ein bauta, eller som "ein del av søndagsmøblementet" som ein kollega heidra han som.

Tidleg i oktober i fjor las han inn sitt siste av i alt 1 097 essays, som han sjølv titulerte bidraga sine, berre fem veker før han døydde, 92 år gammal, på eit sjukehus etter komplikasjonar ved ein operasjon. Desse karakteristiske fjernsynsessaya vart ein sjanger han er kreditert for å etablere. Som person var han snarsint, sta og ufråvikeleg, men han var elska for det, både blant kollegaer og sjåarar, og kunne henge sin kraftfulle indignasjon opp i noko så lite som bomulla i pilleglas eller sin fundamentale aversjon for og irritasjon over solskin. Like fullt var han ein journalist som hadde utøymeleg tru på krafta og makta i ord, og han slutta visstnok aldri med å utfordre sine sjefar i det amerikanske fjernsynsselskapet CBS på det han stadig uroa seg mest over: selskapets truverde. Mellom anna skal han ved tilsetjinga av ein ny sjef, ha sendt vedkomande eit brev med ulike råd, der han avslutta med følgjande klargjering: "gløym ikkje at eg har meir erfaring med å verte sjefa med enn du har med å sjefe".

Han byrja si karriere som journalist som krigsreporter i 1941. I 1943 var han ein av seks korrespondentar som følgde den første amerikanske bombinga av Tyskland på nært hald. Han var også ein av dei første amerikanske journalistane som vitja konsentrasjonsleirane etter krigen var over. Kanskje var det også med nett denne bakgrunnen, han som den nærast einaste framståande journalisten stilte seg kritisk til irakkrigen allereie ved byrjinga i 2003; då klimaet for krigen var positivt og handlingane populære hjå ein stor majoritet av det amerikanske folket. Presidenten selte inn krigen med orda: "Vi sjokkerte dei og vi etablerte ærefrykt i Bagdad". Dette fekk Andy Rooney til å sjå raudt, og han hevda at bodskapen var kunnskapslaus og vulgær sjølvskryt utan kontakt med både røynda og grunnleggande kulturforståing. Rooney har også fleire gonger tatt til orde for det pinlege ved å vere amerikanar i dei ofte stakkarslege retoriske forsøka på å legitimere ulike krigsinvolveringar.

Så har også Rooney ved fleire høve vorte hylla, mellom anna med fire Emmys, for å praktisere dette grunnleggande ved journalistikken: at den ikkje har noko med popularitet å gjere. Den har heller ikkje noko med dumskap å gjere, noko Rooney også ettertrykkeleg har gitt uttrykk for i diverse fora; ikkje minst som ein underliggande aversjon i si eiga spalte, som på sett og vis handlar om nettopp dette: kampen mot dumskapen. I forlenginga av denne linja går det også eit gjetord frå ein gong Rooney fekk innprenta denne haldninga for ei forsamling universitetsstudentar. Ein av studentane kom til å spørje han kva som skulle til for å verte reporter. Rooney såg tilsynelatande mildt opp på den stakkars studenten, før han brått skifta mine og sa: "Om du treng å stille eit spørsmål som det, så bør du ikkje ta sikte på å verte reporter".

Under avsluttinga av bisetjinga til Andy Rooney, samanfatta sonen sin far slik: "Reporterar var min far sine heltar. Og om han for nye reporterar vert ein helt, og desse skal ta med seg noko frå far, så bør det vere hans skepsis, hans blikk for sanninga, hans humor, hans forakt for autoritetar, hans kjærleik til språket og hans vidd i å bruke det. Andy Rooney sa kva han meinte, men ikkje meir".
Og: Han fekk alltid siste ord.

ODDMUND FREDRIK JACOBSEN VAAGSHOLM



FOTO: STEPHENSON BROWN

Ut på tur...

Du er kanskje ein av dei som tenker å legge ut på skitur. Det ER snø i fjellet. Om du gjer det er det viktig å tenke på huda - for det er ikkje berre bra, alt som glimrar, sjølv om det er deilig med sol!

Når du har snø på alle kantar, virkar solstrålane mykje sterkare enn normalt, også samanlikna med ei solferie på stranda.

Fordi snøen reflekterar heile 90 prosent av sollyset, blir huda di bombardert med skadelege UV-strålar - ikkje berre ovanfrå, men også nedanfrå, for solstrålane blir jo reflekterte oppover igjen. Til samanlikning ligg refleksjonen av solstrålane på 9 prosent når det gjeld vatn, så strålinga er svært kraftig. Det kan godt hende at det berre er ansiktet som får sol, men det er til gjengjeld konsentrert strålaangrep frå alle sider!

Solstrålane dannar stoffet melanin i huda, som fungerer som kroppen sin eigen solbeskyttelse ved å gjere huda meir mottakeleg for solstrålane. Det skjer ved at huda blir brun og litt tjukkare. Men overdriven eller uforsiktig soling kan gjere deg brent eller føre til soleksem, ganske enkelt fordi huda ikkje klarer å henge med. Derfor er det viktig å ha utstyret til skiferien i orden, slik at du unngår å bli solbrent og huda tar skade av den sterke sola.

Pleietips i skiferien

- Bruk solkrem med høg faktor, gjerne SPF 30 eller meir.
- Bruk sinkpasta, ein solstift eller ein god leppepomade med solfaktor på spesielt utsette stadar som lepper, øyrer og nase.
- Hvis du er flink å rense huda grundig om morgenen, så la vere no - du bevarer då det naturlege feittlaget som gir ekstra beskyttelse i vinterkulden.
- Vent også med eventuell hårfjerning til kvelden. Menn kan med fordel la skjegget vere i fred.
- Vinterlufta er skremt tørr, så bruk ein feit krem om kvelden og når du ikkje oppheld deg i sola.

WWW.IFORM.NU

VB BADEROMS DAGENE 10.–28. JANUAR

BADEROMSDAGER MED **HELT EVENTYRLIGE PRISER!**

NYHET!

PORSGRUND

Spar 2.485,-

Nå 4.390,-

Porsgrund 8-4 dusjhjørne
Veil. 6.875,-

GUSTAVSBERG GROHE

Pakketilbud!

Spar 3.535,-

Nå 3.390,-

Gustavsberg Nautic 5530
Veggskål, propensete, trykknapp og Grohe innbygningssisterne.
Veil. 6.925,-

oras

Spar 398,-

Nå 639,-

Oras Safira servantbatteri
Veil. 1.037,-

vb.no

Finn summen av 4 produkt og få verdien **utbetalt i cash!**
Gå inn på våre nye nettsider: **vb.no**

Varmtett kvalitet!

VB VARME & BAD

Brændes Rørleggerforretning AS
Hamnegt 5 • 6100 Volda • 70 05 45 00

Holstad Rørservice AS
6060 Hareid • 70 09 59 00

VARME & BAD - NORGES ENESTE LANDSDEKKENDE RØRLEGGERKJEDE FOR PRIVAT- OG BEDRIFTSMARKEDET

Møtestaden midt i sentrum!

AMFI ØRSTA

Ope: 10.00 -19.00 (16)

Regionavisa besøkte Liadal barnehage i Ørsta for å snakke om musikk og instrument. Nokre av ungane hadde gitar heime og andre lata som dei hadde gitar. Luftgitar er tydlegvis tingen også i barnehagen.

TEKST OG FOTO: ISELIN NEVSTAD ØVRELID

frå barnemunn

ADRIAN, 5 ÅR
Eg har også gitar heime, men den brukar eg ikkje så ofte. I dag song vi faktisk i barnehagen om to kattar som sat oppå eit bord. Eg er ikkje så oppteken av musikk og sånn. Eg likar betre båtar og campingvogna som vi fekk med mormor. Den brukar vi å fare til Eid med. Eg skal styre båt når eg vert stor eg. Når barnehagen fer på båttur er det berre Håvard som kan kŒyre båten. Håvard er pappen til Selma i barnehagen.

ERIK, 5 ÅR
Eg brukar å hŒyre musikk i barnehagen og vi brukar ofte å synge. Når vi er ute og kŒyrer bil brukar vi ikkje alltid å ha på musikk. Foreldra mine synest det er barnsleg. Heime har eg gitar og eg vil Œve meg for å verte flink. Du kan godt få lov til å kome på besŒk i morgon og sjå den visst du vil.Veit du at når jenter er seks år, så kan dei byrje og danse ballett?

SOFIE, 5 ÅR
Den finaste musikken den kjem ifrå CD-spelaren min. Der kan eg hŒyre på mykje forskjellig musikk frå slike folk som syng og dansar. Eg er veldig glad i å danse og skal byrje på ballett når eg vert gamal nok. Og når eg vert stor, så skal eg vert ballett-dansar. Det er den finaste jobben ein kan ha.

FRIDA, 4 ÅR
I jula har eg hŒyrt mest på julemusikk eg, men ein kan også hŒyre på musikk på TV. På Disney-kanalen på TV brukar eg også å sjå på program der ein lÕrer seg å lage bra kunst. Eg har forresten ein trompet heime. Den brukar eg til å spele ÿBÕ, bÕ lille lamŸ. Eg skal fortelje deg at pappa han er politi og er veldig flink til å synge. Mamma er ikkje så flink til å synge, synest eg.

RONJA, 4 ÅR
Eg har gitar heime, men den er Œydelagt. Den var laga av bark og ved. Det er alle gitarar veit du. Eg brukar å spele ÿRo, ro til fiskeskjÕrŸ på den. I barnehagen så har vi ei instrumentkorg med trommer i og sånn marrakesch.Veit du at eg ikkje bur her? Eg bur nemleg langt vekke. Opp ein bratt bakke og opp ein lang veg i Barstadvika.

> *”Mamma er ikkje så flink til å synge, synest eg.*

631 kunder gjorde oss til Sunnmøres mest kjøpte bilmerke i 2011

Takk for tilliten!

Bernt Brekk
Toyota Sunnmøre
Tlf: 481 28 010

Karsten Eriksen
Brages Bilforretning
Tlf: 905 93 737

Frank Hofseth
Toyota Ulsteinvik
Tlf: 901 45 021

Jan Arild Bjåstad
Toyota Ulsteinvik
Tlf: 957 05 420

Yngve Hasfjord
Brages Bilforretning
Tlf: 47450603

Fredrik Håkonsen
Brages Bilforretning
Tlf. 919 99 998

Solgte biler i alt
Distrikt Sunnmøre:

Nr. 1	Toyota	631 stk.
Nr. 2	Volkswagen	627 stk.
Nr. 3	Volvo	482 stk.
Nr. 4	Peugeot	349 stk.

Solgte Personbiler
Distrikt Sunnmøre:

Nr. 1	Toyota	528 stk.
Nr. 2	Volkswagen	424 stk.
Nr. 3	Volvo	393 stk.
Nr. 4	BMW	231 stk.

SUNNMØRES MEST SOLGTE BILMERKE 2011
1
TOYOTA
TAKK FOR TILLITEN!

En suksess er selvsagt avhengig av gode produkter, men kanskje skapes den mest gjennom engasjerte og kundeorienterte medarbeidere.

Vi ønsker deg velkommen til å vise deg at vi står for vårt slagord:

Toyota -kvalitet hele veien!

Brages Bilforretning AS
Vingårdsskiftet, Moa - 6018 Ålesund
T: 70 17 82 00
www.brages.no

Toyota Sunnmøre AS
Hovdebygda - 6250 Ørsta
T: 70 04 92 70
http://sunnmoere.toyota.no

Toyota Ulsteinvik AS
Sjøgata 81 - 6065 Ulsteinvik
T: 70 01 90 10
http://ulsteinvik.toyota.no

TOYOTA

Kva som skjer

Sjå

Stig Ulvestad med artistnamnet Stig Ulv har spelt inn plate i Volda-kyrkja. No er det duka for sleppfest i Ulsteinvik og i ±rsta.
Foto: Gunnar Wiik

Plata "Strengetonar" vert sleppt i morgon.

Ulven søv ikkje

I morgon slepp Stig "Ulv" Ulvestad (31) debut-plata "Strengetonar". Instrumentalplata, som Ulv har brukt halvanna år å lage, kan opplevast under sleppkonserta-ne både i Ørsta og i Ulsteinvik.

– Eg vil gjenskape det som finns på plata i sin heilskap ute på konsertane. Eg gler meg veldig til å få spelt ute blant publikum og få tilbakemeldingar. Eg trur ein del vil bli litt overraska over nokre av låtane mine, seier Stig Ulv som altså har sleppfest på Kunsthuset i Ørsta i morgon torsdag. Fredag gjestar han KaffiKari i Ulsteinvik før han går på scena på Steinomnen i Ålesund laurdag.

Krevjande

Stig Ulv, som har fleire bidragsytarar på plata, legg ikkje skjul på at det har vore krevjande å lage sitt første album, men prosjektet og resultatet har gitt meirsmak.

– Det har vore ein krevjande prosess og plata er ganske så personleg. Eg har lagt ned mykje i denne plata, men det er dette eg har lyst å halde på med. Det har også vore svært lærerikt, forklarer Ulv som er svært nøgd med sitt første album.

– Eg står veldig inne for alle låtane på debutalbumet mitt, eg er svært nøgd med det totale resultatet, seier Stig Ulv som tidlegare har gitt ut ein EP. Det kan bli ein travel vår for Ulv som skal turnere lengre enn vanleg i høve platesleppet.

– Mange spelejobbar er booka allereie, fleire er utanfor fylkesgrensa, smiler han.

Kyrkje-akkustikk

Den ti spors plata har Ulv spelt inn i Volda Kyrkje.

– Akustikken i Volda-kyrkja er fantastisk. Mesteparten av plata er spelt inn der, resten er spelt inn ved Audiofarm, fortel Stig Ulv som har ei rekkje instrument med på "Strengetonar". Med seg har han fått Audun Ellingsen på kontrabass, Henrik Lødøen på perkusjon, Morten Bollerud på trekkspel, Levi Andre Leite på el-bass, Svein Erik Aamås på tangentar og Øyvind Krøvel på trompet.

– Resultatet er eg svært nøgd med. Eg har hatt gode og dyktige bidragsytarar, seier han.

Plata har teke halvanna år å lage, men Ulv har allereie fleire låtar klare til det som kan bli hans andre plate. Når den kjem veit han ikkje, men truelg allereie til neste år, røper han.

TEKST: ROGER OLDEIDE

Fredag vitjar Stig Ulv Kaffikari i Ulsteinvik. Kaffikari, Kari Andersen, tek eit grep, smilande.
Foto: Gunnar Wiik



Karen Rosenberg Olsen har ho hausta mykje ros og mottatt fleire prisar og stipend. Komande helg kan du oppleve ho saman med Symfoniorkesteret ved HŒgskulen i Volda. Foto: Jeanett Teigen

Nyttårskonsert
med pomp og prakt

Til helga er det stor nyttårskonsert med Symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda. Saman med to heimvende solistar og sin nye dirigent Øyvind Johan Eiksund vil dei skape ein nyttårskonsert med feststemte tonar.

Symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda har teke opp att tradisjonen med nyttårskonsert. Laurdag 21. og søndag 22. januar spelar dei konsert i Berte Kanuttebygget ved Høgskulen i Volda. Nyttårskonserten har vore ein fast tradisjon for orkesteret, men har av ulike årsakar ikkje blitt arrangert dei siste to åra. Til helga vert han teken opp att, med stor iver og speleglede. Med på laget har orkesteret fått sopran Karen Rosenberg Olsen og tenor Lars Ivar Nordal. Saman ynskjer dei å gi publikum ei storslagen musikalsk feiring av det nye året.

Heimvende solistar

Karen Rosenberg Olsen er fødd og oppvaksen i Ørsta. Musikk og teater blei tidleg ein viktig del av livet hennar. Som femåring starta ho som fiolinelev på Ørsta kulturskule, og då ho starta på musikklina ved Volda vidaregåande skule kom interessa for klassisk song. Det var skulens musikkproduksjonar som vekte lidenskapen for livet på scenen.

Etter vidaregåande drog Karen til Oslo for å studere musikkteater ved Baardarakademiet og seinare klassisk song ved Barratt Dues musikkinstitutt. Som songar har ho hausta mykje ros og motteke fleire prisar og stipend, og har teke meisterklasser med mellom andre den kjende songaren som Elisabeth Norberg-Schultz. På nyttårskonserten vil ho mellom anna framføre den kjende Latterarien frå Flaggermusen av Strauss d.y.

Lars Ivar Nordal kjem frå Volda. Også han starta si musikalske karriere på musikklina ved Volda vidaregåande skule. I 2004 starta han på utdanninga si som klassisk songar ved Griegakademiet i Bergen. Sidan 2006 har han studert ved Hochschule für Musik "Hanns Eisler" i Berlin, avbrote av eit utvekslingsopphald i Paris 2010-2011.

Lars Ivar har vunne fleire prisar både nasjonalt og internasjonalt, og har sunge mange store roller ved ulike operaoppsetjingar. I Volda har han tidligare vore solist i blant anna Händels Messias og Mattheuspajonen av J.S. Bach. På nyttårskonserten vil han mellom anna framføre ein arie frå Elskovsdrikken Donizetti. Vi vil også få høyre dei to solistane i den vakre Lippen Schweigen frå Lehars Den glade enke, og eit anna festleg nummer mot slutten av konserten.

Frå kor til orkester

Orkesteret har nyleg fått ny dirigent, Øyvind Johan Eiksund. Han er doktorgradsstipendiat ved Høgskulen i Volda, der han forskar på kor og korverksemd på Søre Sunnmøre. Han har sjølv sunge i kor heile livet og er i dag medlem av mellom anna koret Skruk. Tidlegare han Øyvind også studert fiolin ved Griegakademiet i Bergen og har også lang fartstid som orkestermusikar i det lokale musikklivet.

Dirigentpinnen overtok han før jul og byrja innøvingsprosessen fram mot nyttårskonsert. Øyvind er en person med engasjement og lidenskap for musikk. Han ynskjer å løfte orkesteret så høgt han kan, og har ambisjonar om å vere med på å skape mykje god musikk og gode opplevingar både for musikarar og tilhøyrarar.

Wienervalsar, operettar og britisk pomp og prakt

Det er eit feststemt og iøyrefallande repertoar orkesteret vil presentere denne helga. Frå den lettbeinte Offenbach går vegen til valsekongen Strauss, og vi får mellom anna høyre den kjende valsekavalkaden "Rosen aus dem Süden". Ein annan Strauss-slager, som også er kjend frå nyttårskonserten i Wien er "Radetzky-marsj". Etter ein snartur innom Russland og den smektande Lenskis arie frå "Eugene Onegin", går vegen til Franz Lehars "Den glade enke". Frå denne operetta får vi høyre den kjende Vilja-lied og Lippen Schweigen.

Det store løftet på denne nyttårskonserten er den erkebritiske marsj i D-dur frå Edward Elgars "Pomp and Circumstance". Dette er eit stort verk som stiller store krav til både storleik og dugleik til orkesteret, og som er udødeleggjort gjennom BBCs "Last Night of the Proms".

Som det høver seg ynskjer også orkesteret å avslutte konserten med eit smell, men for å finne ut kva dette er må du møte opp sjølv.

Tid: 21. og 22. januar
Stad: Berte Kanutte-huset, Volda

Karen Rosenberg Olsen (sopran) frå ±rsta. Foto: Jeanett Teigen

Lars Ivar Nordal (tenor) frå Volda

Symfoniorkesteret ved HŒgskulen i Volda.

Kva som skjer Sjå

Kulturarven - ein russerevy

Fredag 27. januar og laurdag 28. januar er det klart for årets russerevy ved Eid vidaregåande skule.

Publikum blir tatt med inn i framtida til Eid, der det verst tenkelege har skjedd; Sjukehuset er nedlagt, skulane, Malakoff og bedriftene i Eid har gått konkurs.

Det er svært høge fråflyttingstal, og det er berre nokre få eldsjeler som er igjen, for å prøve å redde Eid, ein siste gong.

Men utafor kommunen er der nokre som har heilt andre planar for Eid. Det blir ein kamp mot tida, kan Eid vinne tilbake glansdagane, eller er tida for knapp?

Årets revysjefar Aleksander Raftevold og Marte Rønnestad lovar ei spannande framsyning med dans, song og humor. Revyen varer i om lag 2 timar.

Tid: 27.-28. januar
Stad: Operahuset Nordfjord

Ut i`helga?

Herøy

RESTAURANT FOSNAVÅG BRYGGE
Pianotrubadur Odd Kåre Fløtre spelar fredag og laurdag

Ulstein

KAFFIKARI
Konsert med Stig Ulv fredag

SJØBORG KULTURHUS
Frå Jøsok til Junaiten med Leikong Blandakor søndag

"Frå Jœsok til Junaiten"

Volda

DET GRØNE TREET
Minkov Balkan Experiment spelar fredag. Konsert med Anne Lene Hegglund, samt Night og The Dj`s laurdag.

Ørsta

ØRSTA KUNSTHUS
Plateslepp og konsert med Stig Ulv torsdag

NORRØNA PUB
Trubadur Eivind Johansen spelar fredag og laurdag

Eivind Johansen

Da Capo

Da Capo-show med Vidar Lønn Arnesen er eit program der den kjende og kjære programleiaren frå så vel radio som TV dreg i gong sitt publikum med allsongmelodiar.

Programmet er basert på TV-serien med same namn som var så populært på 90-talet og inn i det nye århundre. Alle som har levd ei stund har eit forhold til Vidar Lønn Arnesen.

Anten som ei radiopersonlegheit gjennom ein mannsalder, eller som TV-vert for mellom anna Da Capo. Og det er i samband med sistnemnde han og Philip Kruse reiser rundt og underheld.

Dette er eit godt tilbod til dei godt vaksne. Allsongar rungar i lokala og publikum er med og lagar god stemning. Og Vidar Lønn-Arnesen gir seg ikkje før alle er med.

Tid: 18. februar
Stad: Ørsta kulturhus
Tid: 19. februar
Stad: Sjøborg, Ulsteinvik

Vidar LŒnn Arnesen
FOTO:Tor Sindre Tjomlid

DANSESKOLEN
Jan-Eric & Ingrid Beate
Kjent fra "Skal vi danse"
Kursoppstart uke 4
Instruktører: Jan-Eric Fransson, Ingrid Beate Thompson, Jeanette Wissiak
ØRSTA
Ørsta Kulturhus
Oppstart torsd. 26. jan.

TORSDAG	
17:00	Barnedans 4–6 år
17:45	Mix/Hip Hop/Disco 2.–4. klasse
18:45	Mix/Hip Hop/Disco 5.–7. klasse
19:45	Ungdom/Voksen Pardans
20:45	Non Stop Dancing Nivå 1

Priser fra kr. 1250.
11 ukers kurs.
Bindende påmelding.
For mer info og påmelding: www.danseskolen.nu.
Tlf. 916 27 238/ 950 95 114

Ny utstillar Minigalleriet E&E

Minigalleriet i Fosnavåg opnar ny utstilling med Turid T. Helgesen.

Ho har arbeidd i eige atelier sidan 2000, ved sida av 50% stilling som sjukepleiar med vegleiing av Eser Afacan. Ho har utdanning frå Ålesund kunstfagskole og har hatt diverse utstillingar i Ålesundsområdet og Surnadal.

Turid arbeider med fleire media alt etter som kva motivet krev. Det kan vere akryl, kolstift, tusj eller akvarell på papir eller lerret, og olje på lerret eller treplater.

Motiva kan vere bestillingsmåleri eller eigen ide og fri fantasi frå bybilete, portrett, natur, kropp og skjel og englar. Dans og musikk er og å finne i Turid sine motivval. Med ei dotter som dansar vakker ballett har ho mange flotte motiv.

Til denne utstillinga har Turid gjort eit utval av måleri frå ein serie ho jobba med kalla "Natur-Figur". Bileta skriv seg frå krokiar (raske skisser på 30-60 sekund etter modell). Skissa har ho ført over på lerret og deretter måla. Nokre av skissene har ho etsa i koparplater og laga grafiske trykk av. Andre har ho tilverka som dei er, på papiret med oljekritt. Bileta i svart/kvitt er henta frå reklame-materiale og fri fantasi. Måla i akryl, akvarell og tusj på papir.

Tid: 28. januar
Stad: E&E, Fosnavåg

Frå venstre: Britt RŒnnestad, Anne Taklo,Wenche Lännerholm, Monica Haanes Waagan, Bjarne Voldnes og May-Britt SÕtre Leikanger

Frå Jøsok til Junaiten

Etter suksessen med framføringa av Leikong Blandakor sitt program med tekster og melodiar av Hartvig Kiran, på Herøy Kulturhus i oktober i fjor, set koret opp same framsyninga ein gong til. Denne gongen er det Sjøborg i Ulsteinvik som blir konsertstad, søndag 22. januar.

Framsyninga som har fått tittelen «Frå Jøsok til Junaiten» er altså ei samling av Kiran sine tekster til viser og vers, frå dei heilt lokalt knytt til dikta om Tobias frå Jøsok, Nyklehomen ved Ålesund, fleire av omsettingane hans til nynorsk av kjende amerikanske musikalar som «Annie get your gun», «West Side Story», og Kiran sine omsettingar av Evert Taube sine viser.

Nokre av melodiane som blir presenterte er nye arrangement som koret sin dirigent, Kjetil Eiksund, har laga spesielt til denne konserten.

Tilbakemeldingane etter den vellukka framsyninga i Fosnavåg framheva variasjonen i stoffet som blei presentert, farta og drivet, samt det faktum at Leikong Blandakor rår over eit imponerande utval av solistar i eigne rekker.

Godt assistert av eit velklingande orkester, eit glimrande lydbilete, og under Dagfinn Olav By sin stramme regi har Leikong Blandakor fått til eit resultat som er blitt både sjå- og høyreverdig.

Leikong Blandakor lovar å attskape den gode stemninga som var til stades under første framsyning og håpar på stort frammøte også på Sjøborg 22. januar.

Tid: 22. januar
Stad: Sjøborg, Ulsteinvik

Frå venstre: Winnie StŒylen og Oddvin Sjåstad

Bibeldag i Ulstein kyrkje

Bibeltimekomiteen og Ulstein Mållag går no saman for å markere den nye omsetjinga av Bibelen som kom i oktober i fjor. I morgon kveld blir det seminar i kyrkja. Soknepresten Margit Lovise og Jan Ove Ulstein blir med. Jan Ove Ulstein vil snakke om det arbeidet han har vore involvert i, i høve ny-omsetjinga. Vi vil få eit innblikk i dei indre sirklane i omsetjingsgruppa, det blir drøfting av dei omstridde språklege løysingane på ordnivå, vi får døme på omsetjing før og no, innsikt i arbeidet med å finne det rette kroppsspråket og metaforane. Jan Ove var særleg inne i arbeidet med profeten Esekiel. Nokre av eksempla vil bli henta frå denne boka. Margit vil ha som utgangspunkt språket i Bibelen som bruksspråk og kyrkjespråk, og korleis bibelomsetjinga gjer nye perspektiv til forkynning og formidling. Bibelomsetjinga er også ei stor kulturhending, så kvelden vil også bli prega av kultur: Organist Ståle Helvig og kateket Bjørn Losvik blir med, Oddbjørg Vartdal vil lese frå Bibelen, Oline Aksnes deltek med solosong og det blir allsong: Neste år er det ny salmebok ut, og vi vil nok smake på noko herifrå.

Tid: 19. januar
Stad: Ulstein kyrkje

Nyomsetjinga av Bibelen kom ut i fjor.

Konsert med Stig Ulv
Fredag 20. januar

Vi serverer to-retters middag i 2 etg.
kl 20-22 Forrett: Grava hjort kr 179,-
Hovedrett: Bacalaobuffet kr 395,-

Dette inkluderer
intimkonsert med Stig Ulv
i 1.etg. Kun konsert kr 100,-

KAFFIKARI
Tlf. nr 70 01 01 80
www.kaffikari.no

KERN PROFILERING
Når det skal merkes!
www.kernprofilering.no
SKILT
BILDEKOR
TEKSTILTRYKK
GRAVERING
FRESING
STORPRINT

Kva som skjer Sjå

Tulleteater for born

Laurdag 14. februar kjem barneteateret til Måløy med framsyninga «Prinsessen på fjerten». Born vert oppmoda til å kle seg ut som prinsesser og prinsar, slik at dei får vere med teateret på scenen.

Familieframsyninga «Prinsessen på fjerten» er eit interaktivt tulleteater for barn i aldersgruppa 3 – 7 år. Dei små får sjølve vere med på å bestemme delar av handlinga, og blir heile tida aktivisert i framsyninga. Showet byr på alt frå flaue dikt til song og rapping. Viktige tema som venskap og kjærleik blir også teke opp undervegs.

«Prinsessen på fjerten» er Kristine Magnesen og Linda Mahala Mathiassens andre humorframsyning for barn.

Tid: 14. februar
Stad: Samfunnshallen, Måløy

Kalender

Januar

19.	Bibeldag, Ulstein kyrkje
19.	Sleppfest m/Stig Ulv, Kunsthuset, Ørsta
20.	Sleppfest m/Stig Ulv, Kaffikari, Ulsteinvik
20.-22.	Sparebanken Vest Cup, Nordfjordhallen, Måløy
21.	UKM 2012, Nordfjordhallen, Måløy
21.	UKM 2012, Sande
21.-22.	Nyttårskonsert m/Symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda, Berte Kanutte-huset, Volda
22.	Kiran-kabaretem "Frå Jøsok til Junaiten" m/Leikong blandakor, Sjøborg kulturhus, Ulsteinvik
22.	Bryllaupsmesse, Color Line Stadion, Ålesund
23.	Nyttårskonsert m/kulturskulen, Syvde samfunnshus
25.	Nyttårskonsert m/kulturskulen, Fiskå skule
25.	Konsert m/ Sans og samling, Ivar Aasen-tunet
27.	Årsmøte for IOGT Søre Sunnmøre, IOGT huset, Myrvåg
27.-28.	Russerevy: Kulturarven, Operahuset Nordfjord
28.	Fellesmønstring for Ulstein og Hareid, Sjøborg kulturhus, Ulsteinvik
28.	Dans m/Hadar Danselag, Hasund Grendahus, Hareid
28.	Trekkspeltreff, Selje Hotell
28.	Utstilling m/Turid T. Helgesen, Galleri E&E, Fosnavåg
31.	Nyttårskonsert m/kulturskulen, Åheim skule
31.	Danseframsyning: "A Dance Tribute to Ping Pong", Ørsta kulturhus

Februar

1.	Danseframsyning: "A Dance Tribute to Ping Pong", Operahuset Nordfjord
1.	Konsert m/Beate Slettevoll Lech, Ivar Aasent-tunet
4.	Konsert m/Viltkoret, tema: filmmusikk, Samfunnshuset, Deknepollen
4.	UKM, Herøy
4.	Musikalsk Oase m/Listen to the band, GasPilot, Sunnmøre Baarelag og Woodleg Odd, Hotell Ivar Aasen, Ørsta
4.-5.	KM i fotball, Nordfjordhallen, Måløy
4.-5.	"Vintertreff 12", Hareid
5.	UKM, Ørsta kulturhus
6.	Kyrkjekonsert m/Herøy Janitsjar, Herøy frikyrkje
9.	Konsert m/St. Morritz, Sjøborg, Ulsteinvik
9.	Frode Grytten les frå boka si "Saganatt", Ivar Aasen-tunet
11.	Show: Koht på scenen, Ørsta kultruhus
11.	Honningsvågrevyen, Nordfjordhallen, Deknepollen
11.	Kor- og inspirasjonskurs, Arbeideren, Ålesund
12.	Konsert m/Annbjørg Lien, Ørsta kulturhus
12.	"Operabarnetimen" m/ Ensemble Fanfaronner, Ivar Aasen-tunet
14.	Teater for born: "Prinsessen på fjerten", Samfunnshallen, Måløy
15.-25.	Veka 2012, Volda
18.	UKM, Olivinhallen, Åheim
18.	Da capo-show m/Vidar Lønn Arnesen & Philip Kruse, Ørsta kulturhus
18.	Konsert m/Ole Paus, Folkestad Kulturhus
19.	Da capo-show m/Vidar Lønn Arnesen & Philip Kruse, Sjøborg, Ulsteinvik
23.	Konsert m/Maria Mena, Sjøborg, Ulsteinvik
24.	Show m/Are Kalvø & Espen Baranek Holm, Ørsta kulturhus

Mars

1.	Konsert m/Henning Kvitnes og "Gutta i bandet", Sjøborg, Ulsteinvik
1.	Konsert m/Jonas Alaska, Ørsta kulturhus
1.	Teater: "Absolutt Per", Nordfjordhallen, Deknepollen

Kilde: Kulturkalendarane til kommunane i området.
Feil eller manglar?
Ta kontakt på 7000 9660 eller
rune@regionavisa.no

Beate Slettevoll Lech
Foto: Jørgen Norby Henriksen

Variert vårprogram i Aasen-tunet

Ein Spellemann-nominert og to forfattarar som kniv-var om prisen for årets nynorskbok. Alle kjem til Aasen-tunet i vår.

Beate Slettevoll Lech frå Volda var laurdag nominert til Spellemannprisen i kategorien Viser for albumet Min song og hjarteskatt. Onsdag 1. februar opnar ho turnéen sin i Aasen-tunet. Kjende og kjære religiøse folketonar har fått nye tekstar, alle skrivne av kvinner. Marit Kaldhol, Hilde Myklebust og Bente Bratlund har stått for dei fleste, men tekstane til mormor Borghild Slettevoll er òg med på albumet.

Avrøystinga i Dag og Tid på Årets nynorskbok 2011 er i innspurten. Frode Grytten og Marit Eikemo ligg begge godt an med bøkene Saganatt og Samtale ventar. Eikemo, som også er nominert til P2-lyttarane sin romanpris, tek turen til Aasen-tunet på kvinnedagen, 8. mars. Ho skal lese frå boka og samtale med Margunn Vikingstad. Frode Grytten kjem til Aasen-tunet for å lese frå og samtale om boka Saganatt torsdag 9. februar.

Tom Roger Aadland har hausta mykje ros for omsetjingane av Bob Dylan sine tekstar til nynorsk. Torsdag 22. mars tek han med seg Dylan på nynorsk og eit knippe nye låtar med sterke, nynorske tekstar til Aasen-tunet. Publikum får også høve til å høyre historia bak prosjektet.

Dei minste kan sjå fram til to høgdepunkt denne våren. 12. februar er det Operabarnetimen, ei humoristisk og energisk framsyning av og med Ensemble Fanfaronner. Nyskrivne tekstar tek utgangspunkt i både kjend og mindre kjend operalitteratur. I påskeveka har Tunkatten Lurivar for første gong lagt lure planar. Nøyaktig kva han pønskar på, vil han ikkje røpe, men dei som tek turen til Aasen-tunet 2.-4. april, kan gle seg til å leite.

Dei nynorske festspela har 20 års-jubileum i år og i helga 28. juni – 1. juli kjem det mykje flott besøk. Tysdag 27. mars blir programmet lansert. Temaet i år er Songen og festspeldiktar Arne Moslåtten er tilstades under lanseringa.

Årets vårprogram tek til 25. januar med lokale musikarar og konserten SANS og samling. Utetter våren kjem Guri Aasen og Andrine Longva Kopperstad med forteljeframsyninga Fiskarkona og døtrene hennar, publikum kan høyre filosof Gunnar Skirbekk og Norsk Ordbok presenterer ordnytt. 18. april i Bergen, presenterer Ottar Grepstad Språkfakta 2012, siste nytt om språk i verda og Noreg.

Tid: Våren 2012
Stad: Ivar Aasen-tunet, Ørsta

Operabarnetimen

Marit Eikemo. Foto: Rune SÕvig, Bergens Tidende

Karane i "Alt for Rognan" er klare med ny framsyning, 10. mars kjem dei til Herøy kulturhus.

Alt for Rognan - gjer alt for "daman"

Fem år er gått sidan kjempesuksessen «Alt for Rognan» som starta på TV2 og enda med 70 framsyningar på Chat Noir. 10. mars kan du oppleve gutane i eit splitter nytt show i Herøy kulturhus.

Sjåarsuksessen på TV2 i 2006 følgde ti karar på vegen mot teaterscena. Etter 70 framsyningar på Chat Noir reiste Rognan-gjengen land og strand rundt og spelte til saman 289 framsyningar for 130.000 publikummarar. No er gutane klare for å ta publikum med storm med oppsetjinga «Alt for Rognan – gjør alt for Daman».

I "Alt for daman" tek kompaniet opp forholda mellom menn og kvinner. Framsyninga er tettpakka av humor, sjarm og svingande musikknummer i beste "Alt for Rognan" stil. Med Tom Sterri i spissen, har kompaniet fått dei beste kreftene i revybransjen med på laget. Dette er ei framsyning som dei fleste menn og kvinner vil kjenne seg att i, og som garantert kjem til å framkalle latterbrøl hos publikum. Med: Trond Bakke, Håvard Jansen, Knut Harald Hansen, Paul Gunnar Jansen, Lars Kristian Kristoffersen, Frank Nilsen, Frode Aronsen.

Tid: 10. mars
Stad: Herøy kulturhus

22. januar er det duka for storstilt bryllaupsmesse på Color Line Stadion.

Bryllaupsmesse på Color Line

Det vert stor bryllaupsmesse i Ålesund, søndag, 22. januar på Color Line Stadion. Det vert eit forrykande brudeshow, med 35 bruder på catwalken, i tillegg kjem kle til brudgomen, selskapskjolar, ballkjolar, kle til brudepike og brudesvein.

Can Cam frisør viser brud og selskapsfrisyre, og Mille Fleurs kjem til å lage 15 - 20 brudebukettar.

Dette blir en messe for alle som skal ha bryllaup, eller skal i bryllaup. 16 utstillarar, som fotograf, bakar, gåver, glas, gullsmed, catering, reinseri (dukar), blomster, frisør, bank og forsikring, hotell, brud og selskapskle.

Alle registrerte brudepar er med på trekning av gåver og gåvekort frå utstillarane.

Tid: 22. janar
Stad: Color Line Stadion, Ålesund

Også dei minste frå sin plass på messa

Daniel vann Spellemann

Rapgruppa "Envy" vann prisen i klassa "årets musikkvideo" for hitten "One Song" sist laurdag.

Daniel Moldskred Strand frå Hareid spelar keyboard i bandet.

– Kjempeartig. Videoen er ei oppsummering av høgdepunkt frå sommaren 2011, med klipp frå mellom anna konsertar, bandet, publikum og stands, seier Strand til Sunnmørsposten.

Daniel Moldskred Strand i midten

Skva som skjer Sjå

Turistbonde og politikar i Bygderadioen

Fredag kveld er Bjarne Kvalsvik gjest i Bygderadio Vest sitt Studio. Bjarne Kvalsvik er ein mann som kan spele på menge strengar. Han kan fortelje kvalsvikhistorier, på Rølarkveld med mjølkesuppe og boknasild, halde føredrag på Almenningen i Fosnavåg, til lått og løye. Men han kan også vere i det alvorlege hjørnet som varaordførar i Herøy eller Fylkestingsrepresentant.

Bjarne vert du kjend med om du slår på Bygderadio Vest fredag kveld. Då er Magne, Paul og Olav på plass. Vil du vere med så er telefonen open for spørsmål, helsingar og litt konkurranse.

Tid: fredag
Stad: Bygderadio Vest

Ballett om bordtennis

Jo Strømgren Kompani har gjort suksess verda rundt. Onsdag 1. februar kjem «A Dance Tribute to Ping Pong» til Operahuset Nordfjord.

Danseframsyninga er den ultimate oppfølgjaren til «A Dance Tribute to the Art of Football», den største eksportartikkelen som norsk dans nokonsinne har hatt. Fascinasjonen for estetikken, galskapen og den breie appellen i sport er like sterk som for 15 år sidan.

Frå fotball til bordtennis

Denne gongen har kompaniet laga ein ballett om ei sportsgrein alle kjenner, men mange gløymer; Ping pong, eller bordtennis som vi seier her på våre kantar.

Vegen til lukke går for mange nemleg gjennom ping pong! Den åndelege oppskrifta er ei blanding av yin og yang, himmel og helvete, liv og lære, Stephen Hawking og Uri Geller – med eit lett dryss av Kahlil Gibran og Bruce Lee.

Lokalt dansekurs

Jo Strømgren Kompani har sidan starten i 1998 produsert danse- og teaterframsyningar som har hausta glimrande kritikkar verda over. Med ei spennvidde som går frå fotball til klassisk ballett, frå dokketeater til politisk satire, frå intime soloframsyningar til større ensemblenummer, har kompaniet opparbeidd seg eit stort og mangfaldig publikum i Norge og utlandet.

Denne framsyninga er i samarbeid med Dansens Hus og Riksteatret. Lokale dansarar har også fått tilbod om dansekurs før framsyninga.

Allsidige Strømgren

Jo Strømgren står sjølv bak manus, koreografi, kostymer og rekvisittar i «A Dance Tribute to Ping Pong». På scena får publikum oppleve dansarane Maria Henriette Nygård, Sverre Magnus Heidenberg, Mikkel Are Olsenlund og Stian Danielsen/Jan Nicolai Wesnes. Danseframsyninga hadde verdspremiere i Frankrike i november og norgespremiere i Oslo 1. desember.

Tid: 1. februar
Stad: Operahuset Nordfjord



Frå "A dance tribute to Ping Pong"
Foto: Knut Bry

Januar-SALG!
÷40%
på det meste av:
Sengetøy og gardiner
Dyner og puter
Brikker og duker
Håndklær m.m.
NB! Dette gjelder kun butikken i Ulsteinvik,
- da denne skal opphøre 5. februar
PRINCESS®
Sjøgt. 19, Ulsteinvik – Tlf. 70 01 25 04

Ingrid Johanne Fylling Nupen

Trekkspeltreff i Selje

1 verdsmeister og 3 noregsmeistarar i trekkspel kjem til Selje Hotel siste helga i januar.

28. januar blir det stort trekkspeltreff på Selje Hotel. Det er verdsmeister i trekkspel Håvard Svendsrud som har invitert med seg 3 av elevane sine frå Nordvestlandet til Selje denne helga. Inger Johanne Fylling Nupen er 15 år gamal og noregsmeister i 2011, og tvillingane Miguel og Daniel Falcon Græsdal frå Skodje, 15 år gamle, har tittelen norgesmeistrar i klassen for duettar. Det er lagt opp til trekkspelseminar for alle som vil lære meir om trekkspel. Laurdag blir det stor konsert der alle aktørane deltek saman med Håvard Svendsrud. «Vanylvsdragarane» med Bente Sundnes og Selje sin organist og multimusikar Jon Inge Sigerland vil også bli å sjå på scena. Dansemusikken denne kvelden kjem frå spesialkomponerte orkester som vil spele fengande musikk som passar til alle som likar å svinge seg på dansegolvet.

- Etter suksessen med Alexander Rybak og no sist Leikanger Mannskor der Sunnivasalen vart fylt opp til trengsel med eit svært begeistra publikum, held Selje Hotel fram med å tilby kulturarrangement av høg kvalitet til glede og trivsel for folk i nærområde og til langvegsfarande gjester, fortel Gerd Kjellaug Berge.

Ho ber berre om at folk bør bestille i tide slik at hotellet slepp å seie nei til mange siste dagen, slik dei har måtta gjort på tidlegare arrangement.

Tid: 28. januar
Stad: Selje Hotel

Orkesteret "Stri TŒrn"

Å, du store mi tid!

Det vert lun kabaretkveld i 50-talstil med Åmdalskoret berre damer og orkesteret Stri Tørn i Ørsta kulturhus 17., 21., og 23. mars.

Damekoret rundar 10 år i februar 2012 og har dykka i kor-arkivet. 50-talskabareten som koret starta med vart suksess, og kordamene vil derfor by publikum nok eit herleg gjensyn med 50-åra. Denne gongen med nytt manus, levande musikk og fleire lysbilete. Etter premiereframsyninga 17. mars, vert det dans/korgafest i flatsalen. Kafeen i flatsalen heiter denne kvelden "Kafe ROSE", og maten og forfriskingane som ein får kjøpe der er også knytt til 50-talet. Kort sagt, ein 50-tals heilaftan med Åmdalskoret berre damer og orkesteret Stri Tørn.

Tid: 17., 21., og 23. mars
Stad: Ørsta kulturhus

Jaktar nye karakterar

To år er gått sidan premieren på det første einmannsshowet hans. No er Roy Aron Myklebust i full gang med ferdigstilling av nytt humorshow, og denne gongen ønskjer han hjelp frå deg.

– Eg har gjennom mange år med revy og underhaldning utvikla eit større knippe pussige figurar. Drosjesjåføren Kåre Jonny, trappesnikkaren Gudvald, språkforskaren Språkleik Engmark, vaskedama Lillian Lepsøy og ungkaren og spelemannen Bjarne Sjølvberg - for å nemne nokre. Men til det nye showet mitt tenkjer eg det hadde vore spennande å få innspel frå andre kreative hovud til figurar eg kan dyrke fram til bruk på scena, seier Myklebust.

Eit eller fleire av forslaga som måtte kome inn vil bli brukt i showet så sant ideen er god nok.

– Eg treng i utgangspunktet ei halv side med skildring av karakteren. Det kan vere kva jobb han eller ho har, interesser, klestil, dialekt og framtoning. I tillegg bør det seiast nokre ord om særpreget og kva som skal gjere denne personen morosam for andre. Er det ei spesiell interesse eller eit spesielt yrke han eller ho har? Har han eller ho opplevd noko ekstraordinært? Er det ein person andre kan kjenne seg att i? Slike ting gir meg grunnlag for å spinne vidare og byggje ein tekst til karakteren. Men skulle nokon ønske å skrive ein ferdig tekst så er ikkje noko betre enn det, smiler Myklebust.

Han understrekar at ikkje noko blir nytta utan at vedkomande «bakhovud» er informert og lønna for bidraget. Kva som vankar i løn vil avhenge litt av kor gjennomarbeidd bidraget er og korleis dette blir brukt i showet, men eit pent honorar kan han uansett love.

Premieren er 17. mars og sjølv om der står att mykje arbeid, føler han likevel at ting er i rute.

– Eg har vore gjennom dette så mange gongar før. Eg er ikkje typen som kan setje meg ned i august månad fordi eg veit eg skal ha eit show i mars. Eg må ha kniven på strupen og pistolen i bakhovudet for å verkeleg vere produktiv. Eg trur eg har mykje artig på gang og lovar eit knallshow om to månader avsluttar Myklebust.

Gudvald er ein av mange karakterar som Roy Aron har utvikla sjŒlv. No Œnskjer han innspel frå deg til nye artige figurar han kan ha med i sitt nye show som er premiereklart i mars.

– Vi he trua!

Det er mottoet til «Vintertreff 12» som skal gå av stabelen den aller første helga i februar.

Kvar? I ei av dei vakraste bygdene på Sunnmøre, Hareid. Dersom nokon no les dette og ikkje veit kva eit VT12 er, så har de verkeleg gått glipp av dei vakraste og yraste eventyra vinterstid, nemleg Vintertreff. Vintertreffet er for ungdomar frå konfirmantalder og oppover.

VT12 er eit strålande godt samarbeid mellom Hareid Ten Sing og KFUK-KFUM. Både unge, litt småunge og litt eldre tensingarar har tatt tak for å lage til eit vintertreff vi håper du kjem til å hugse som eit fyrverkeri av gode opplevingar. Ein «gamaltensingar» har laga VT-song, ein annan har laga VT-logoen, medan enno nokre har prøvd å tenke gjennom alt.

Programmet er i skrivande stund rimeleg fastspikra, med blant anna Sunniva Gylver, nye vener, Pip Wilson, sjenerte blikk, Ten Sing Norway, småforelska blikk, turneringar, aksjon og englekor. Har du eller ungdomsgruppa du er ein del av lyst til å melde deg/dykk på til VT12, kan du gjere det på nettsida til KFUK-KFUM.

Tid: 4.-5. februar
Stad: Hareid

ALEXANDRA
Loen - Nordfjord

SHOW MED KLYPA
Laurdag 21. januar
Fredag-søndag: frå kr 2520,- pr person
i dobbeltrom inkl. halvpensjon og show
Ring i dag: 57 87 50 50
Hotel Alexandra, 6789 LOEN - NORDFJORD
Tlf: 57 87 50 00 Booking: 57 87 50 50 alex@alexandra.no
www.alexandra.no



PEPTALK: *– Filosofien min er at ein kan klare alt ein vil, berre ein har trua på seg sjŒlv, trur Christoffer som no har skrevet bok om sjŒlvmotivasjon og sjŒlvtillitt. SjŒlv er han personleg trenar i Oslo, her med*

Christoffer med nytt krafttak

No tek Christoffer Endresen (20) på nytt eit realt krafttak mot kreft og gangar det med 100.
Han har ei målsetting om å samle inn heile 100 millionar kroner til kreftsaka med sal av eiga motivasjonsbok og utstrekt bruk av sosiale medium.

>>>

klienten Sebastian til venstre.

FOTO: BJØRN LANGSEM



>>>

No tek Christoffer Endresen (20) frå Herøy sats igjen og hoppar internasjonalt for kreftsaka med sal av ei nettbasert "peptalk-bok", signert Christoffer sjølv.

Boka "Du er perfekt, som du er" blir tilgjengeleg på norsk og engelsk, samt som lydbok. Boka blir sendt pr epost til alle som donerer minimum 100 kroner til kreftforeininga via nettstaden *theperfectyou.tv* som blir tilgjengeleg 3. mars. 99 prosent, uansett donert sum, går uavkorta til kreftsaka. Den resterande prosenten går til drift og betaling av nettstaden. Sjølv skal ikkje Christoffer tene ei krone;

– Det er viktig for meg at dei som gir, får noko igjen. Pengane går til ei viktig og god sak, ikkje til meg, understrekar han.

Ambisiøst

Det er ikkje småpengar det er snakk om. Christoffer har sett seg som mål å samle inn 100 millionar kroner til kreftsaka, på berre eitt år.

– Hundre millionar kroner, Christoffer?

– Ja, det er ei svært ambisiøs målsetting. Det er nok fleire som no trur at eg har teke meg vatn over hovudet igjen. Men når ein først skal ta sats så skal ein gjere det skikkeleg. Dette er fullt ut mogleg, seier han.

Når nettopp Christoffer Endresen seier det er mogleg, så veg det litt. Han har tidlegare prova at han klarer det han set seg som mål, som då han sykla Noreg rundt for kreftsaka i 2010.

Den 5.400 kilometer lange sykkelturen Fosnavåg - Lindesnes - Nordkapp og tilbake til Fosnavåg genererte ein million kroner i donasjonar til kreftforeininga, samt ein enorm fokus og merksemd til kreftsaka som ikkje kan målast i pengar.

Samarbeid

Christoffer har fleire samarbeidspartnarar i sitt nye krafttak mot kreft. FOA Design i Herøy har designa nettboka som skal vere godt illustrert. Fantastiske Osberget i Ulsteinvik står for oppretting av nettstaden. Herøyværingen Bjørn Holum har lånt stemma si til lydboka. Christoffer har også fått hjelp til skrivinga av boka, men han er klar på at det er hans eigne ord som utgjer den 40 sider lange boka. Teksten handlar ikkje om opplevinga hans på sykkelen i 2010, men korleis han motiverte seg og fann trua på seg sjølv til å gjennomføre den.

– Det er 40 sider med pep-talk. Filosofien min er at ein kan klare alt ein vil, berre ein har trua på at ein vil klare det. Eg trur at folk si manglande tru på seg sjølv hindrar dei i å prøve å nå måla og draumane sine. Denne boka kan kanskje hjelpe, forklarar han.

Sponsorjakt

I tida fram mot lanseringa på nett 3. mars, skal Christoffer på sponsorjakt til mange store bedrifter. Han vonar på velvilje og opne dører.

– Eg vonar at eg møter same velvilje som førre gong eg var på jakt etter sponsorar i samband med "Noreg rundt for kreftsaka". Det er ei god og viktig sak, gjentek Christoffer som har tru på at dette krafttaket mot kreft skal spreie seg internasjonalt;

– Eg vil oppmode alle om å spreie linken til nettstaden vidare på alle sosiale kanalar dei er på, det vere seg facebook, twitter, youtube osv. Det eg ønskjer er at alle donerer noko, og sender det vidare til alle dei kjenner. Då vil dette raskt nå langt utover landegrensene, forklarar han.

– Kan ein få ein million menneske til å donere 100 kroner kvar, så er målet nådd. Det er mogleg, seier han.

Startar 3. mars

Nettstaden *theperfectyou.tv* blir altså oppretta og klar for donering og boksal 3. mars. Datoen er ikkje tilfeldig;

– 3. mars var då bestefaren min døde av kreft. At han gjekk bort vekte noko i meg, eg fekk ei hjartesak, fortel han og peikar på den heller dystre statistikken.

– Ein av tre får kreft. Alle kjenner nokon som har kreft eller som er pårøyrande til nokon med kreft. Den kan ramme oss alle. At kreftforeininga har pengar å nytte til forsking og førebygging er dei fleste tent med. Men eg klarer ikkje dette åleine, hjelp meg å hjelpe, oppmodar han.

TEKST: ROGER OLDEIDE

Du er ikke perfekt nettopp fordi du tror at du ikke er det.
Din sannhet skaper dine følelser, dine følelser skaper dine handlinger, og dine handlinger skaper dine resultater.
Vi handler basert på vår sannhet. Hvis din sannhet er at du ikke er perfekt, vil du handle på en viss måte som gir deg uperfekte resultater.
Og så gir du opp.

Utdrag frå Christoffer si bok "Du er perfekt, slik du er" som vert lansert 3. mars.

FAKSIMILE: *Christoffer har gjort det før. I 2010 sykla Christoffer Noreg rundt for kreftsaka. Den 400 kilometer lange turen genererte ca 1 million kroner til kreftforsking, samt enorm fokus og merksemd til kreftsaka som ikkje kan målast i pengar.*

BOK: *– Det er 40 sider med pep-talk, seier Christoffer om boka si "Du er perfekt, som du er" som blir lansert på sida www.theperfectyou.tv 3. mars. Inntektene går uavkorta til kreftforeininga. Målet er 100 millionar kroner. Alle som donerer 100 kroner eller meir til kreftforeininga, får Christoffer si bok tilsendt på epost.*

FOTO: BJØRN LANGSEM

Jan Egil Aase

Ei eldsjel

Kreftforeininga er sjølvsagt glade for å høyre om Christoffer sitt nye prosjekt.
Sist ungguten markerte seg fekk kreftforeininga donert ein million kroner til kreftforsking.

– Christoffer har gjort det før, så vi tviler ikkje på at han igjen vil klare det han sett seg som mål. Alt han måtte skaffe er svært viktig for kreftforeininga og for kreftforsking. Han er ei skikkeleg eldsjel og engasjementet han har for kreftsaka er svært verdifull for oss. Det er berre å ta av seg hatten, seier kommunikasjon og marknadssjef i Kreftforeininga, Jan Egil Aase.

Riddar av 1. klasse



DIAMANTEN: *Her på MjŒlstadneset i HerŒy går 71-åringen Per SÕvik på jobb kvar einaste dag. Han har ikkje tenkt å gi seg fŒr helsa seier stopp.*
FOTO: ISELIN NEVSTAD ØVRELID

Sjølv om Per Sævik (71) for lengst kunne ha gått av med pensjon, ser han ikkje føre seg å sitje på ein grønmåla benk i Fosnavåg og løyse verdsproblem før han verkeleg ikkje har noko anna val.

>>>

Riddar av 1. klasse

I fjerde etasje på Mjølstadneset i Herøy har nemleg Per Rolf Sævik (71) sitt daglege virke. Kontoret hans er vendt ut mot skipstrafikken som passerer forbi, og det ruvande administrasjonsbygget til Havila-konsernet, Diamanten, kan nok langt på veg karakteriserast som hans andre heim.

Bak 1000 kvadratmeter blått glas sit han framleis på toppen. Men med etterkomarane under seg, eller ved sidan av seg når det trengst. Borna Njål, Hege og Vegard som no eig 90 prosent av verksemda er alle involverte i Havila-konsernet på kvar sine vis.

– Gjennom eit langt livsløp har eg for lengst forstått at eg ikkje er uunværleg for at Havila skal fungere vidare etter at eg ikkje er her lenger. Borna eig no størsteparten av verksemda, og kan i praksis sende meg heim når dei vil. Såpass spenning må ein ha i livet. Og eg seier det som Ludvig Karlsen har sagt det: «Eg har ingen fallskjerm når den dagen kjem, men treng det heller ikkje. Eg skal nemleg oppover uansett», ler Per Sævik med eit stort smil om munnen.

Den prestisjefulle prisen

For om lag ei veke sidan vart det klart at Per Sævik er utpeika som riddar av 1. klasse av St. Olavs orden for innsatsen sin for skipsfartsnæringa. Onsdag 1. februar skal han ta imot prisen i heimlege trakter på Remøy bedehus. Per Sævik får prisen fordi han har vore ein nøkkelperson rundt etableringa av den mektige offshoreklynga på Nordvestlandet. Frå å kjøpe sin eigen båt som 16-åring til å byggje opp tre store og handlekraftige reiarlag, sit han i dag som ein av dei store gründerane i Herøy og har bygd opp arbeidsplassar for mange hundrevis av menneske berre i Herøy.

– Det var ei stor overrasking, og eg er både takksam og audmjuk for å ta imot ein slik heider. Det er likevel mange eg deler denne prisen med. Alle som har arbeidd saman med meg gjennom alle desse åra, og for å ikkje snakke om mi kjære Liv som har gjort det muleg for meg å jobbe og engasjere meg, seier Sævik lågmælt.

– Det var inga sjølvfølgje at ho ville ha meg, men no har vi faktisk vore gifte i 44 år. Hadde ho ikkje stilt opp på heimebane, så hadde det aldri gått rundt. Ho er ein stor del av denne heideren, understrekar han.

Så mykje meir

Men det er ikkje berre gründer og skipsreiar Per Sævik er kjend for å vere. I alle år har han vore aktivt engasjert i organisasjonslivet, både innanfor fiskeri og kristenliv. Verva har vore mange.

LITEN GUT: *Per SÕvik som minstegut i flokken så langt. Her på fanget til mor si Magda. Far Arthur og brŒrne Magne og Kåre ved sidan av.* FOTO: PRIVAT

Frå kontaktmann i Sunnmøre Indremisjon på Remøy, kretsformann i Blå Kors til styreleiar i Kredittbanken, formann i Sunnmøre Notfiskarlag, formann i Fiskebåtredernes Forbund, styreformann i Maritimt Forum, og ikkje minst som president i Norges Rederiforbund frå 1996-1998.

Han har også vore styreleiar i Helse Midt-Noreg frå 2004-2006. Sævik vart dessutan valt inn på Stortinget i 1989, men var også inne som vararepresentant i tre periodar før den tid. Frå 1988-1989 var han ordførar i Herøy. Partitilknytinga hans har heile tida vore Krf og han har vore særleg oppteken av kommunikasjonar og samferdsle. I 1971 vart han valt inn i kommunestyret i heimkommunen for første gong.

Utfordringar gir arbeidslyst

Utfordringar er noko som alltid har gitt Per Sævik lysta til å halde fram med arbeidet.



PÅ KONTORET: *Skipsreiaren har god utsikt over båtane som går forbi i skipsleia. Som tidlegare fiskar har han kort veg til havet, og kan nyte utsikta kvar einaste dag han går på jobb.*
FOTO: HUGO ANTONSEN



ENGASJERT: *Per SÕvik er ein engasjert mann som er oppteken av det som rŒrer seg i samfunnet. Mange år i politikken og i nÕringslivet har sett sine spor.*
FOTO: HUGO ANTONSEN

Som 6-åring tok han robåten til familien i Sævika på Remøya utan å spørje om lov. Målet var å prøve og sjå om han kunne greie å ro til Fosnavåg åleine.

– Eg greidde det, men fekk ein god porsjon kjeft etterpå, humrar Sævik.

Som 23-åring var han dessutan skipper på familiens linebåt medan dei var tre månader ute og fiska ved Canada-kysten.

– Å ha noko å strekkje seg etter har eg alltid trakta etter. Med å ønskje seg og teste ut mange område, er vel ein eigenskap mange nær meg sikkert hadde set pris på at eg ikkje hadde alle tider. Det er nok nysgjerrigheita som har drive meg mange gongar, fortel 71-åringen.

– Vil alltid vere fiskar

Nysgjerrigheita har også gitt han styrke til å stå støtt når det har storma rundt han. For sjølv om dagane på toppen har vore mange, har også Per Sævik teke mange tøffe tak. I supply-næringa har det nemleg gått opp og ned.

Per Sævik starta først med fiskeri i svært ung alder. Både på eigen båt og på båtane til faren, Arthur.

– Det var å eige eigen fiskebåt som var draumen, og det vil nok alltid vere noko i meg som gjer at eg ser på meg sjølv som fiskar. Det kjem eg alltid til å vere. Det var den mest naturlege yrkesvegen å gå når ein vaks opp i fjøresteinane slik som vi gjorde i ein søskenflokk på ni, seier han muntert.

På slutten av 70-talet selde Per og broren Terje fiskebåten «Herøyværing» som dei eigde saman. Dei ville investere i ein meir framtidsretta båt. Ein ny marknad hadde også vakse seg stadig større siste åra, og etter fleire forsøk på å kjøpe ein meir moderne ringnotbåt utan å lukkast, var det forsyningsfartøy Per Sævik skulle sjå framtida i.

Nær konkurs

I 1981 teikna Per Sævik aksjar for 30 prosent i komandittselskapet Sævik Supply AS. Fleire av brørne hans og anna nær familie teikna også aksjar i det nystarta selskapet. Familien eigde over 60 prosent av selskapet som møtte vanskelege tider på 80-talet. I 1982 og i 1983 kjøpte Sævik Supply AS dei to båtane «Northern Commander» og «Northern Clipper». Same år som den nybygde båten «Northern Clipper» var levert frå verftet, kom det eit samanbrot i marknaden fordi marknaden ikkje klarte å ta unna alle skipa. Det hjelpte heller ikkje på at britane innførte proteksjonistiske tiltak i Nordsjøen.

På midten av 80-talet fall oljeprisen, og Per Sævik fortel om svært vanskelege år, der han aldri i sitt liv har vore så nærme ein konkurs. Den største kreditoren kravde tvangssal av «Northern Clipper».

– Den jula i 1985 var det mange tankar i hovudet til heile familien. Det storma rundt oss, rundt meg, men eg meiner framleis at det var den beste jula vi har hatt saman nokon gong. For vi stod saman og greidde å skape julestemning sjølv om det var tøffe tak som venta oss i det nye året, fortel han.

Kristentrua hjelpte han gjennom den vanskelege tida.

– Trua mi har gitt meg viktig styrke når det har bøtta skikkeleg imot, samstundes trur eg den også har ført til at eg har hatt føtene godt planta på jorda når det har vore gode tider, seier han.

Vendepunktet

Det som redda Sævik frå konkurs var ei refinansiering av «Northern Clipper» i 1988. Banken stod nemleg i fare for å miste ti millionar kroner om reiarlaget gjekk konkurs. Det førte til at komandittistane i selskapet måtte betale inn all ansvarskapitalen. Nokre sat til slutt att med store tap og trekte seg ut av selskapet, medan dei som igjen satsa i eit nytt selskap, fekk sjå viljen til satsing og utvikling i både selskapet og supply-marknaden utover 90-talet. For i 1989 vart båten seld med ein forteneste på 20 millionar kroner. Året skulle verte eit vendepunkt for dei harde tidene i supply-næringa og for Sævik-familien.

– Ein veldig vesentleg grunn til at vi etter kvart vart så sterke på området knytt til offshoreaktivitetar, skal Ulstein-gruppa med Idar Ulstein ha stor del av æra for. Idar Ulstein såg tidleg mulegheitene offshorenæringa hadde, og stod i spissen for å starte det som skulle verte det store offshoreeventyret, påpeikar Per Sævik.

I vekst

Sævik Supply AS hadde ein jamn vekst dei neste åra, og bestod av fire ulike selskap. Per Sævik ønskte å samle alle eigarselskapa til eitt enkeltselskap. I 1996 børsnoterte Sævik verksemda. Rett før det skjedde, så kjøpte dei 12 skip frå Viking Supply AS for 950 millionar kroner, og som førte til at Sævik Supply AS vart landets nest største supplyreiarlag.

Året etter børsnoteringa hadde Per Sævik sine 15,45 prosent av selskapet stige i verdi frå omtrent 50 millionar kroner til over 313 millionar kroner. Og knapt eit år etter børsnoteringa small bomba om at det amerikanske selskapet Trico Marine International Holding BV hadde kjøpt Sævik-reiarlaget for to milliardar og tre millionar norske kroner.

>>>

FASCINERT: *Per SÕvik deler gjerne fascinasjonen over hurtigruta, og sprett opp og bort til vindauget då han ser den passerer.*
FOTO: HUGO ANTONSEN

Riddar av 1. klasse

Trico Marine heldt det gåande i Herøy heilt fram til 2009, då dei flytta frå Fosnavåg. Det skulle derimot ikkje gå lenger enn eit par månader før Per Sævik var i gang med nytt supply-reiarlag, Havila Supply AS.

Franskmennene tok kontroll

Havila Supply AS vart børsnotert med open eigarstruktur, og førte til at selskapet vart ope for raid. Samstundes tok Per Sævik med morselskapet Havila AS til å engasjere seg i både ny reiarlagsverksemd, skipsverftsindustri og eigedom for å ha fleire bein å stå på.

I 2003 kjem Bourbon Groupé og kjøper seg inn i Havila Supply AS. Media og andre i næringa karakteriserte oppkjøpet som eit raid. Men god dialog mellom Sævik-familien og franskmennene fører til at Sævik-familien får kjøpe ut ti båtar før dei trekkjer seg ut av verksemda. Dessutan får Per Sævik ta med Havila-namnet vidare. Det betyr mykje for han. Det bibelske namnet som er henta frå Fyrste mosebok, skildrar Havila-landet, der det er gull. Og det vil han bruke vidare.

Reiarlag nummer tre

Sommaren 2003 vert Havila Shipping ASA stifta. Det er det tredje reiarlaget Per Sævik står bak og klar til å byggje opp. Denne gongen sørgjer han for at Havila AS er hovudaksjonær i selskapet. Han vil unngå eit oppkjøp liknande det som skjedde med Bourbon same året.

På kort tid bygde Per Sævik opp eit nytt reiarlag, der sonen Njål Sævik no sit som administrerande direktør.

Havila Shipping ASA eig per i dag 28 båtar. Nummer 29 er under bygging. 7,3 milliardar kroner er brukt på 17 båtar sidan 2005. Per 3. kvartal hadde Havila-konsernet ein omsetnad per 2,4 milliardar kroner per 30.09.11. Driftsresultatet var på 600 millionar kroner.

– Det er framleis gode tider, men marknaden for supplybåtar har hatt ei dårleg periode siste året. Trass i det, trur vi at vi står framfor ein spanande og aktiv periode, seier Sævik.

– Korleis ser du for deg utsiktene framover for Havila og reiarlaget når du ser på situasjonen i resten av Europa?

– Vi trur framleis vi står framfor ein god periode om ein ser på sjølve offshoremarknaden. Oljeprisane er gode, og nye felt har kome til. Det er klart eg har mine tankar om den økonomiske situasjonen i resten av Europa. Eg meiner nok faren for økonomisk kollaps er mykje mindre vesentleg å snakke om i dag enn den var for få månader sidan. Eg trur nok EU-landa kan handtere Hellas, men om Italia og Spania kjem vidare ut i faresona, vil nok situasjonen gå meir ut av kontroll. Då vil det verte vanskeleg å spå utfallet, men eg vel å ha ei optimistisk haldning til situasjonen, seier ein reflektert Sævik som har vore ute i hardt vêr tidlegare.

Verft, eigedom og ferjedrift

Havila AS er også hovudaksjonær i Havila Ariel ASA, der Sævik-familien har fleire spanande eigedoms-investeringar og langsiktige utleigeavtalar. Dessutan har Havyard-gruppa vakse seg opp til eit skipsverft som fungerer som totalleverandørar av skipsdesign, teknologi, skipsutstyr og reparasjonar. Dei har kundar over store delar av verda.

Havila AS er også sterkt inne på Færøyane, der dei er medeigarar i fire nye supplybåtar gjennom selskapet Supply Service.

Det nyaste storkjøpet til Sævik-familien og Havila-konsernet er Møre og Romsdal fylkeskommune sine aksjar i Fjord1 på 41 prosent. Selskapet Havila Fjord skal forvalte eigarskapen.

Hotell i Fosnavåg

Per Sævik og Havila er også aktivt inne i hotellprosjektet i Fosnavåg saman med skipsreiar Stig Remøy i Olympic. Dei to selskapa skal stå for to tredjedelar av eigenkapitalen i hotellet.

Eit nytt hotell i Fosnavåg er noko Per Sævik har arbeidd lenge for, og han trur at det endeleg vil felle på plass.

– Det har vore god framdrift i det siste, og om alt går etter planen så håpar eg første spadetak vert i mars. Planen er hotell med ca. 120 rom, eigen konsert- og festsal, og eit toetasjes parkeringsanlegg under bakkenivå, fortel Sævik.

Han meiner det er viktig at Fosnavåg får nytt hotell.

– Skal Fosnavåg utvikle seg vidare, må visse sentrumsfunksjonar kome på plass, proklamerer han.

Auge for dei rundt seg

Per Sævik er svært oppteken av det som skjer rundt han, og i det han ser hurtigruta passere utanfor kontoret sit, røyser han seg brått frå intervjuet.

– No må du ta bilde, utbryter han høgt.

Fasinasjonen for hurtigruta ligg nok i eigarskapet han har til hurtigruta Rickhard With. Han er nemleg medeigar i eit komanditselskap og Havila er forretningsførar for skipet.

Bidragsytaren

Men det er ikkje berre skipstrafikken utanfor kontoret Per Sævik er oppteken av. Han er ingen storropar, men er beskjeden når det kjem til bidraga han og selskapet har gitt til lokalsamfunnet. Han vil helst ikkje snakke så mykje om det.

– Ein ting er å starte opp arbeidsplassar her, men vi har nok også eit mykje større samfunnsansvar vi som bur i eit lite lokalsamfunn. Vi må sørgje for at dei som vil bu og jobbe her også har eit attraktivt busetjingsområde. Vi bør jobbe for trygge omgjevnader, og ikkje berre lene oss tilbake i stresslessen og snakke om kor fælt vi har det i verda. Å gjere noko er stikkordet, forklarar Per Sævik.

HUMØRET PÅ PLASS: *Skipsreiar og tidlegare politikar, Per SÕvik, vitnar om ein kunnskapsrik og engasjert 71-åring som gjerne tek ein spŒk rundt bordet for å lette på stemninga.*
FOTO: HUGO ANTONSEN

KONFIRMANT: *Biletet vart teke då per var konfirmert. Frå venstre: ±yvind, Åse, Ingolf, Arne, Per, Magne og Kåre. To brŒr til skulle kome til i sŒskenflokken etter kvart.*
FOTO: PRIVAT

> *Eg har folkeskule og søndagsskule, så bar det til sjøs. Seinare tok eg skipperutdanning.*

Han forklarar at Havila-konsernet får tallause førespurnader kvart år om støtte til ulike føremål. Han sukkar tungt. Det er ikkje lett å måtte gi avslag til mange.

Då Per Sævik selde det første supply-reiarlaget, Sævik Supply AS, og tente seg gode pengar, skipa han ein stiftelse i 1998 som fekk namnet etter mor hans, «Magda Sæviks stiftelse». Det er kona Liv som sit i styret for familien, og når stiftelsen har utdelingar, deler dei ut 25 prosent til Herøy frikyrkje, 25 prosent til Remøy bedehus og 50 prosent til ålmennyttige føremål. Millionar av kroner har vorte delte ute desse fjorten åra.

Hjartesaka hos Stefanusbarna

Per Sævik og kona Liv var også med på finansieringa av nye Møre barne- og ungdomsskule. Og like før jul gjekk Havila AS inn med to millionar kroner for rettigheitene til Havila Stadion Fosnavåg (tidlegare Bergsøy stadion) for ein periode på 20 år.

Per Sævik har dessutan vore ein økonomisk bidragsytar til Oslosenteret for fred og menneskerettigheiter, andre misjonsprosjekt i utlandet, tiltak som Kristen Nærradio, den kristne riksradioen P7, og bedehusprosjektet Evangeliske sanger i Sør.

Men noko som ligg både hans og Havila-konsernet nærme, er arbeidet for Stefanusbarna i Egypt. I utkanten av Kairo, ligg det som vert kalla søppelbyen. Det er eit område styresmaktene ikkje vil vedkjenne seg. Her finst omkring 200.000 menneske som bur og lever av søppel. Kanskje finn dei noko som anten kan seljast eller som kan mette den verste svolten. Stiftelsen Stefanusbarna satsar systematisk på å etablere og drive barnehagar for å gi ungane betre livsvilkår.

– I staden for at dei tilsette i Havila-konsernet tek imot julegåver kvart år, gir vi summen til denne stiftelsen. For fem år sidan var eg og Liv på besøk der for å sjå. Det var eit veldig sterkt inntrykk som brente seg inn på netthinna mi, nemleg å sjå kor dei lever på søppeldynga. Prosjektet er så viktig for meg å støtte, at fleire burde få vite om at det finst. Det ligg i Havila sitt hjarte, seier Sævik engasjert.

Han avfeiar raskt å snakke om dei andre prosjekta.

– Vi har fått vore med på ein del prosjekt ja, men eg ser berre på det som mulegheiter til å hjelpe.

– Kvifor er det så viktig for deg å gi noko tilbake?

Sævik tenkjer lenge.

– Eg trur min generasjon som vaks opp i etterkrigstida opplevde ein situasjon der vi stod langt ifrå dagens samfunn med materiell overflod. Rausheit og romslegheit var ein del av barndomen min og det vart eg lært opp til i ein trygg og god oppvekst. Materielt sett kunne eg aldri ha førestelt meg at vi kan ha det slik som vi lever i dag, og ser derfor det som viktig å gi noko tilbake, påpeikar Per Sævik som ikkje ser på seg sjølv som materialistisk slepphendt.

Nøysemd er viktig for han, og Hans Nielsen Hauge sine idear og forkynning om ein nøktern og arbeidsam livsførsel har stått som ein grunnpilar i Per Sæviks liv og virke.

Individualist

For over førti år sidan valte Per Sævik å verte medlem av Herøy frikyrkje. Tilnærminga handla om sjølvstyre, individualitet og fridom.

– Eg er nok ein individualist, fortel han.

Det åndelege fotfestet gjer at han kan kople ut når han er i kyrkja.

– Eg prøver å la tankane gå over på ein annan frekvens, understrekar Sævik.

Søndagsskule på CV-en

Og som leiar i eit stort konsern gjennom mange år er det berre ein ting Per Sævik tykkjer er dumt han ikkje fekk mulegheita til: Ei teoretisk utdanning.

– Eg har folkeskule og søndagsskule, så bar det til sjøs. Seinare tok eg skipperutdanning. Livsreisa vart noko annleis enn ein såg føre seg som 15-åring, fortel Sævik som ler til spørsmålet om ikkje det er litt spesielt å setje søndagsskulen på CV-en.

– Nei, der fekk eg med meg mykje viktig lærdom, smiler han lurt.

Viktige prioriteringar

Borna fekk frie tøylar når det galdt utdanningsveg, men Per Sævik er glad for at generasjonen under han har lyst til å utvikle Havila-konsernet vidare.

– Greier de å la vere å diskutere jobb når familien samlast då?

– Ja, det gjer vi. Om viktige avgjerder skal takast, så må vi sjølvsagt snakke om det, men vi er flinke til å legge til sides jobb når vi er heime og kan nyte kvarandre sitt selskap. Dessutan er det helst barneborna som er tema. Eg er nemleg så heldig å ha sju barneborn mellom 1,5 og 17 år. Og når vi i den eldre generasjonen samlast, ja, då vert det ofte to tema som vert snakka om: Barneborn og kva medisin ein tek, ler Per Sævik høgt.

– Om den dagen kjem då du må roe ned då. Kva skal du finne på då?

– Det er klart at når ein er over 70, så har ein ikkje garanti for noko. Livsreisa er relativt kort. Men arbeidet er ei velsigning for meg og gir meg ein meiningsfull kvardag.



I REMØY BEDEHUS: *Der trivst Per SÕvik godt, for i bedehuset kan han kople ut tankane sine som ofte handlar om nÕringsliv og politikk, og berre fokusere på det åndelege.* FOTO: YANN AKER

«Eg vert av og til litt mett av reising, og kan raskt verte stressa når bonuspoenga frå SAS byggjer seg opp.

Eg føler vel nesten at eg må hengje i for å få gjort alt eg har lyst til. Eg er nemleg nysgjerrig på kva folk driv med, engasjerer meg lett, og har vanskeleg for å seie nei.

– Samstundes har eg har no spurt meg sjølv nokre gongar om det er meininga at det er slik ein skal leve når ein er 71 år? Så lenge helsa held, klagar eg ikkje, men eg har sagt til kona mi at eg gruar meg til den dagen eg må sitje på ein grønmåla benk i Fosnavåg og løyse verdsproblem, humrar han.

Går byen på kryss og tvers

– Kva brukar du fritida di på då?

Per Sævik sukkar.

– Eg skulle gjerne sagt at eg trimma, men det gjer eg nok for lite av. Men eg går derimot Oslo og Bergen på kryss og tvers når eg er ute og reiser. Så eg går mykje på jobb. Trimminga handlar nok om at eg ofte «punkterer» litt etter middag. Då er det ikkje alle tider så lett å kome i gang igjen, seier han.

– Reising då?

– Eg vert av og til litt mett av reising, og kan raskt verte stressa når bonuspoenga frå SAS byggjer seg opp. Men vi har ein båt i familien som vi likar å fare på ferie med. Eg og kona har dessutan vore på cruise nokre gongar. Det er ein fordel å reise vekk når ein først skal ha ferie, slik at kontoret ikkje er så lett tilgjengeleg, smiler han.

– Og barneborna våre er ei velsigning. Det er eigentleg dumt at ein ikkje får barneborna først, så ein kan få nyte nærværet av dei lenger, påpeikar han tankefullt.

– Men eg er glad vi ikkje har hytte å tenkje på. Bekymringane om å måtte reise på hytta for å måke tak når det hadde kome store snøfall hadde nok vorte for store, legg han humoristisk til.

Politikaren om storkommunen

– Har du nokon gong angra på at du etablerte verksemda di i Herøy?

– Aldri. Alt må ikkje vere lokalisert i Oslogryta og det var her det var naturleg å vere. Vi bur der vi bur fordi vi vil bu der, men alt har sin kostnad. Eg har alltid vore oppteken av å betre kommunikasjonane for at område skal utvikle seg. Vi som er store bedrifter må ha eit aktivt engasjement i dei områda vi er plasserte i, påpeikar Per Sævik.

– Er det politikaren i deg som vaknar?

Per Sævik ler.

– Det er nok det, nærmast kvitrar han.

Og samtaleemnet går vidare inn på politikk. Visjonane om ei storkommune.

– Kva meiner du om det?

– I praksis er Noreg ei sinke om ein ser på dei større einingane i nabolanda, men tvang er inga løysing og alle kommunane må gå inn i eit samarbeid med ope sinn når det gjeld diskusjonane knytt til kommunestruktur. Eg trur der er ein betydeleg gevinst å hente på å slå saman kommunar, og det er eigentleg rart at Ulstein og Hareid ikkje har vorte slått saman tidlegare. Eg meiner det er ein logisk konsekvens.

– I dag har dei færraste av oss behov for å oppsøkje eit rådhus. Det burde ikkje bety at ein skal leggje ned alle dei andre rådhusa og byggje eit gigantisk i Ulsteinvik berre fordi det er den mest sannsynlege samlingsstaden i ein slik storkommune. Eg er ingen Ulstein-hatar, og Ulsteinvik ligg heilt klart rett til, ved sidan av dei omliggande bygdebyane. Men det nabokommunane til Ulstein er redde for, er at alt skal sentraliserast i nettopp Ulstein. Om ein i det heile teke skal diskutere kommunesamanslåing, må alle partar ha ei desentralisert tilnærming og vere villige til å gi og ta, og ikkje minst vere villige til å diskutere strukturelle grep. Om det er muleg å samle ei storkommune på Ytre Søre eller Søre Sunnmøre i framtida, vil tida vise, men eg tykkjer det er ein spanande tanke i alle fall, seier Sævik.

Kampen i media

Supplyreiar Sævik har vore mykje i søkjelyset oppgjennom åra, og har ikkje vore redd for å gå mot straumen.

– Kva har vore den verste opplevinga knytt til å vere i søkjelyset for media?

– Då eg meldte meg inn i Krf var det sjølvsagt fordi partiet førte ein politikk som var knytt til mi overbevising, men også fordi eg ville ha høve til å kunne meine noko sjølv om ikkje fleirtalet meinte det same. Eg ville tore å stå på barrikadane og skilje meg ut. Det har kravd sitt. Ein kan verte einspora som politikar om ein sit for lenge på ein plass. Ein tilpassar seg straumen av meiningar, og klarer til slutt ikkje å gjere seg opp eigne standpunkt. Eg seier det til dei politikarane som framleis er å sjå på Stortinget i dag som var der også i mi tid, at dei ikkje må gløyme at det er eit rikt liv utanfor Stortinget òg. Å sleppe til nye, sunne, unge krefter, og gjerne fleire med næringsbakgrunn, er viktig i politikken, påpeikar han.

– Og eg har sagt det til mine eigne ungar at det aldri må vere eit mål å kome ofte i avisa. Det er ikkje alltid noko å trakte etter.

– I ei 3-årsperiode sat eg som styreleiar i Helse Midt-Noreg. Det var eit tungt og viktig verv som gav meg ei svært tøff tid. Vi var pålagde å setje i gang bygginga av nye St. Olavs Hospital i Trondheim, og kritikken hagla i media. For det var så klart kamp om ressursane. Det var ein vanskeleg situasjon der eg som sunnmøring møtte sterke kjensler lokalt mot det vedtaket eg var pålagt å gjennomføre saman med resten av styret.

– Kva har gjort sterkast inntrykk på deg gjennom livet då?

– Møtet med Stefanusbarna var kjensleladda, og då eg fekk vere med ein delegasjon til Sør-Afrika då Nelson Mandela vendte tilbake til Robben Island etter 27 år i fangenskap var veldig spesielt. Det møtet der han på nytt såg si eiga celle som fri mann var kjensleladda. Det var eit godt døme på ein som like godt kunne brukt hemn som reaksjon etter han vart slept fri. I staden var det forsoning som var stikkordet. Det var eit minne for livet, forklarar Sævik.

Framtida

– Korleis ser du for deg dei ti neste åra i Havila-konsernet då?

– Eg har slutta å tenkje ti år fram i tid, men eg ønskjer verksemda skal utviklast på ein sunn og god måte. Og ikkje minst at dei som skal drive det vidare har ei nøktern haldning. Dei siste åra har vi vore ekspansive i det vi har gjort, no trur eg tida er inne for å vere litt meir konsoliderande. Men sjølvsagt skal vi snu oss raskt rundt og gripe gode mulegheiter. Det er berre å hengje i, avsluttar Per Sævik i det han hastar vidare til neste avtale.

TEKST: ISELIN NEVSTAD ØVRELID

reise & fritid

Spis! Elsk! Lær!

STEMNING: *Det er fest og leven i Oaxaca året rundt!*

FARGER: *Oaxaca er en fargerik og utrolig koselig by.*

SUPPE: *Sjefkokk og kunstner Oscar Carrizosa på Casa Crespo lager suppe på preskansk vis, over varme elvesteiner.*

Glem texmex. Må er det ekte mexicansk mat som gjelder. Prøv den i Mexicos kulinariske hovedstad, Oaxaca.

CHRISTINE BAGLO

Klokken er så vidt litt over ni på morgenen på markedet 20 de noviembre – og vi får allerede servert vår tredje konsert ved siden av frokosteggene, som bader i en duftende, rustrød chili- og tomatsaus. En enslig sanger med gitar klemmer til som om han skulle stått i selveste Royal Albert Hall. Var vi ikke våkne før, er vi det i alle fall nå.

– Gledet det dem, Frøken?

Vi slipper noen småmynter ned i hatten. Han får også en halv tlayuda på kjøpet. Det er Oaxacas svar på pizza, en fatstor maislefse med bønnestuing, ost og tomater – og så hva hjertet og ganen ellers måtte begjære.

Kokkeinspirasjon

Men det kan også bli for mye av det gode. Spesielt når vi har ambisjoner om å nyte en kopp rykende varm sjokolade og smultsøte churros. Som ender opp med å deles med den mexicanske fruedelegasjonen tvers over bordet.

NÆRINGSRIKT: *Larver kan moses i salsaen, og gir en litt jordaktig smak!*

– De internasjonale stjernekokkene kommer for å hente inspirasjon på matmarkedene i Oaxaca. Selveste Ferran Adrià fra El Bulli er her én gang i året, betror en av dem meg.

For det er ikke bare syns- og hørselssansen som pirres i en av Mexicos aller flotteste kolonibyer. Inne i munnen eksploderer selv dagligdagse frokostegg i en vill ganesalsa. Ahh! Dette må vi lære mer om.

Chilikrydder

Derfor melder vi oss på et av de mange matkursene som nå tilbys i byen – hos Oscar Carrizosa på Casa Crespo. Turen går først til et av de mindre matmarkedene. Det bugner av nyplukket mango, vannmeloner, bananer,chirimoya, jordbær, pasjonsfrukt og duftende appelsiner. Høye tårn av nyplukkede, dyprøde tomater og store avokadoer får et frossent Rimi-hjerte til å sitre.

Og her finner du utrolig mange varianter. Både tomater og avokado er av mexicansk opprinnelse, og navnene er hentet fra den mexicanske nahuatl-dialekten. Tomates verdes – grønne tomater – brukes i den grønne chilisausen som står på de fleste bord i Mexico. Og ikke minst bugner det av chilier.

– Mexico har flere hundre varianter. De brukes ikke bare for å gjøre retten sterk, men også som krydder. Chiliene har veldig forskjellige smaker, forklarer Carrizosa.



FERSKVARE: *Markedene bugner av nyplukkede frukter og grønnsaker.*

VARIERT: *På markedet 20 de noviembre kan du spise en herlig frokost – og få flere konserter på kjøpet!*

Mer enn 20 ingredienser

På markedet kravler det også mange mer uortodokse smaksprøver: Larver og stekte gresshopper, som brukes som snacks. Det knaser mellom tennene. Carrizosa griper en neve av hver og putter dem i en pose, og vi skjønner at vi ikke er ferdige med dagens prøvelser ennå.

– Insektene er veldig næringsrike, forsikrer selgeren.

Hjemme på kjøkkenet på restauranten hans deles vi opp i lag, for å lage tradisjonelle retter som quesadillas med squashblomster og gresshopper, salsaer, picadillo, suppe og festmaten mole. Det er en chili- og sjokoladesaus som har mer enn 20–30 ulike ingredienser, inkludert gresskar- og sesamfrø. Oaxaca kalles også gjerne «de sju molers land».

– Hver mor har sin egen, hemmelige oppskrift, forteller Carrizosa.

Det går også an å jukse og kjøpe molepasta på markedet eller i butikken, og bare blande ut med kyllingkraft, tomater og eventuelt litt fløte.

Kruttrøyk

Plutselig rister hele kjøkkenet av et digert smell. Kruttlukten henger i luften. Vi skvetter. Vi har tross alt lest litt for mange stygge avisoverskrifter om narkokrig i Mexico. Men Carrizosa bare ler.

– Hver helg er det fest i Oaxaca, gliser han.

Vi stikker hodene ut av døråpningen, og ser ut over folkehav. Et ungt brudepar er på vei ut av den staselige katedralen, og halve byen er invitert. En lokal dansegruppe i alle statens nasjonaldrakter fører opptoget ned promenadegaten, med et helt skramleorkester følger i hælene. Fyrverkeriet suser gjennom luften. Mexicanerne elsker fest og leven, og Oaxaca er en av de aller livligste byene.

– Uups, gresshoppen min hoppet akkurat ut av quesadillaen, utbryter amerikanske Bethany Martin.

Falt ut er riktigere, den er død som en sild. Men det er ikke helt som fredags-texmex´en foran Skavlan.

Egen salsa

Oscar holder på å skrive en kokebok, der han har samlet unike oppskrifter fra husmødre fra de mange ulike etniske folkegruppene i staten. Ikke alle er like lett å få til på det nordiske kjøkkenet. Men ekte mexicansk saus trenger du ikke å kjøpe på Rema.

– Bare ta den chilitypen du liker, mos den med flådde tomater i en morter eller i en blender med hvitløk og eventuelt litt løk, og ha oppi det du vil, for eksempel cummin eller koriander. Du kan også koke den. Fjern frøene og hinnene på chiliene først, og rist dem eventuelt litt i stekepannen først. Eller kok chiliene i vann tilsatt uraffinert sukker, som du skifter tre ganger, for å få dem mildere, men beholde smaken. Du kan også ha i litt larver, sier han – og slipper småkrypene oppi.

I most form smaker de slett ikke så ille, nærmest litt jordaktig.

Gourmetrestaurant

Om kvelden forvandles Casa Crespo til en liten og intim restaurant, der man kan prøve langt mer raffinerte smaker. «Tradisjonelt haute cuisine» kaller Carrizosa det. Som en gammel prespansk reke- og fiskesuppe, som hetes opp ved å helle vann på brennhete elvesteiner, som får suppen til å koke. Det smaker himmelsk! Akkurat som resten av måltidet, som avsluttes med hjemmelaget iskrem – med chilidryss. Og hvilke andre steder kan man spise et niretters gourmetmåltid til 250 kroner?

Du kan tilbringe ukevis på matloffen i Oaxaca, og stadig oppdage nye hemmeligheter. En markedsfrokost til 25 kroner holder deg mett resten av dagen.

